



# Årsmelding og rekneskap 2006

*Ivar Aasen-tunet  
Dei Nynorske Festspela  
Nettstader*

# Innald

## **STYRETS ÅRSMELDING**

- 1. 2006: Overraskingane 3**
- 2. Prioriteringar 4**
  - 2.1 Mål 4
  - 2.2 Strategi 4
  - 2.3 Viktige uløyste oppgåver 4
- 3. Drift 5**
  - 3.1 Resultat 6
  - 3.2 Administrasjon 6
  - 3.3 Vidare drift 6
- 4. Disponering av resultat 6**
- 5. Rekneskap 7**
  - Resultatrekneskap 8
  - Balanse 9
  - Notar 11
  - Revisjonsmelding 12

## **ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT**

- 1. Organisasjon 13**
  - 1.1 Råd 13
  - 1.2 Styre 14
  - 1.3 Administrasjon 14
  - 1.4 Prosjektengasjement 15
  - 1.5 Verneombod 15
  - 1.6 Rekneskap og revisjon 15
  - 1.7 Verv og representasjon 15
  - 1.8 Medlemsskapar 15
  - 1.9 Ivar Aasen-instituttet 16
  - 1.10 Stiftingar 16
  - 1.11 Samarbeidspartnarar og nettverk 16
  - 1.12 Kunstnarleg råd 16
- 2. Staden 16**
  - 2.1 Uteområdet 16
  - 2.2 Bygningar og anlegg 17
  - 2.3 Forankring i vertskommunane 17
- 3. Dokumentasjon og formidling 17**
  - 3.1 Arkiv og bibliotek 17
  - 3.2 Samlingar 18
  - 3.3 Innkjøpte kunstverk 19
  - 3.4 Dokumentasjon og forskning 19
  - 3.5 Nynorskbasen 21
  - 3.6 Artikkelarkivet 21
  - 3.7 Publikumssørvis 21
  - 3.8 Foredrag 21
  - 3.9 *Viljen til språk* 22
  - 3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet 22
  - 3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter 22
  - 3.12 Fagleg representasjon 22

- 3.13 Nye feiringssalmar 24
- 3.14 Spørjeundersøking om målbruk 24
- 4. Utstillingar 24**
  - 4.1 Basisutstillinga 24
  - 4.2 Temautstillingar 25
  - 4.3 Vandreutstillingar 25
- 5. Tilbod til barn og elevar 26**
  - 5.1 Standard skuletilbod 26
  - 5.2 Den kulturelle skulesekken lokalt 27
  - 5.3 Skulesekk-turnear 28
  - 5.4 Tunkatten Lurivar 28
- 6. Arrangement 29**
  - 6.1 Dei Nynorske Festspela 29
  - 6.2 Kulturprogram vår og haust 31
- 7. Kafé og butikk 31**
  - 7.1 Kafé og utleige 32
  - 7.2 Butikk 32
- 8. www.aasentunet.no 33**
  - 8.1 Besøk og bruk 33
  - 8.2 Nettbiblioteket 34
- 9. Informasjon 34**
  - 9.1 Presse og kringkasting 35
  - 9.2 Trykksaker 35
  - 9.3 Annonsering 35
  - 9.4 Reiselivssamarbeid 35
- 10. Gjester 36**
  - 10.1 Gjesteprofil 36
  - 10.2 Opningstider 37
  - 10.3 Billettprisar 37
- 11. Økonomi 37**
  - 11.1 Investeringar og drift 37
  - 11.2 Prosjekttilskot 38
  - 11.3 Samarbeidsavtalar 38
  - 11.4 Samfunnsrekneskap 38
- 12. Politiske perspektiv 39**
  - 12.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon 39
  - 12.2 Årets nynorskbrukar 40
  - 12.3 Politikk for nynorsk 40
  - 12.4 Anna kulturpolitisk arbeid 41
  - 12.5 Stabil, men krevjande situasjon 42
  - 12.6 Viktige tendensar 42
  - 12.7 Omfordeling av språkleg makt 44
  - 12.8 Perspektiv 2013 47

## **VEDLEGG**

- 1. Statistikk 2006 48**
- 2. Kulturprogram 2006 49**
- 3. Dei Nynorske Festspela 2006 55**
- 4. Temautstillingar 2000–2006 60**

*Framsida*

Tunkatten Lurivar, teikna av Monica Egeli

*Baksida*

Lurivars potespor, teikna av Monica Egeli

# STYRETS ÅRSMELDING

## 1. 2006: Overraskingane

2006 blei til slutt eit år med overraskingar for Nynorsk kultursentrum.

Overraskingane endra mykje på rammevilkåra for arbeidet vårt. I desember løyvde Stortinget 250 000 kr ekstra i driftsmidlar for 2007, Stortinget omdisponerte 1,5 millionar kr frå prosjektet *Nynorsk digitalt leksikon* i 2006 til produksjon av nye artiklar om nynorsk kulturhistorie på Internett, og Fritt Ord løyvde 1 million kr til endringar i basisutstillinga. Den ekspansjonen dette gir i 2007, byggjer på det økonomiske og faglege resultatet i 2006.

Med tunkatten Lurivar har vi fått ein stolt og spenstig ambassadør for nynorsk barnelitteratur. Monica Egeli gav katten form, åtte år gamle Oliver Rafteseth Gjerde gav han namnet, forfattarane Maria Parr og Erna Osland gav katten hans første liv, og på [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no) byd Lurivar på mange aktivitetar for barn. Eit nytt elevprogram om litteratur, Katta i sekken, er under planlegging og kan gi fine opplevingar for mange.

Med målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette auka omsetninga med 8 % til 10,6 millionar kr i 2006. Drifta gav eit overskot på 120 131 kr, mot 126 000 kr i 2005. Med dette er eigenkapitalen no på 399 000 kr. Marginane for drifta er altså framleis for små.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Av 207 arrangement i 2006 var 61 % i Ivar Aasen-tunet, mot 83 % i opningsåret. Dette året var vi aktive i 49 kommunar i 16 fylke.

Hundreårsjubileet til Noregs Mållag, og boka og utstillinga *Viljen til språk*, utvida kontaktflata vår monaleg i 2006. Målet med boka var å gi ei brei og allmenn innføring i nynorsk kulturhistorie, og å lage ein utstillingskatalog for gjester i Ivar Aasen-tunet. Ottar Grepstad skreiv, Eirik Helleve og for

fattaren var biletredaktørar, Aina Griffin formgivar. Det Norske Samlaget gav ut boka, som blei trykt i to opplag. I samarbeid med mållag blei utstillinga vist på 30 stader landet rundt, og forfattaren heldt biletkåseri om boka på 14 stader.

17 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknytning til samlingane våre. Idrettsutøveren og forretningskvinnna Kari Traa fekk prisen *Årets nynorskebrukar 2005*.

17 100 personar gjesta tilboda våre, mot 16 400 i 2005. Om lag 4200 eller 25 % av desse var barn og unge.

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 55 400 einingar. Ved utgangen av 2006 var 27 % av samlingane tilfredsstillande registrerte. Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet nær 4900 artiklar om vel 760 personar, institusjonar og organisasjonar, mot vel 3600 klipp eit år tidlegare.

I 2006 la vi ut om lag 400 nye tekstdokument på nettstaden. Ved inngangen til 2007 var dermed 2850 dokument tilgjengelege der. Størst var Nettbiblioteket med over 1000 tekstar.

Utstillingane auka omsetninga med heile 81 % frå 2005 til 703 000 kr i 2006. Den viktigaste grunnen til veksten var elevprogrammet *Det undrande språket*. I 2006 nådde vi ut til fleire fylke med dette tilbodet. Til no har 2126 elevar og lærarar vore med på dette programmet.

I 2006 laga vi to nye temautstillingar, to nye forfattarpresentasjonar og hadde om lag 50 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. Seks eldre og nyare temautstillingar blei dette året viste som vandreutstillingar på 35 stader i landet.

Vi slit framleis med å få ein sunn økonomi i Dei Nynorske Festspela. Omsetninga auka med heile 28 % frå 2005 til 1,3 millionar kr. Resultatet blei likevel eit underskot på 199 000 kr, mot -96 000 kr i 2005. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslut-

ning var festspela svært vellukka, med 6200 gjester og 236 utøvarar på 44 arrangement.

For kulturprogrammet fall omsetninga også i 2006, med 9 % frå 2005 til 410 000 kr i 2006. Utanom Festspela stod vi for 54 eigne kulturarrangement i 2006, som året før. Nær 400 utøvarar var involverte i kulturprogrammet.

Etter minkande samla omsetning i kafeen og butikken dei to førre åra auka omsetninga att med heile 29 % frå 2005 til 1 118 000 kr i 2006.

Statstilskotet til drifta var akseptabelt, men løyvinga var enno ikkje stor nok til å nå målet om full drift slik dette blei fastsett i *St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (1995–96)* med 11,5 faste stillingar.

Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange. Vi skal fylle både ei lokal, ei regional og ei nasjonal rolle. Institusjonen ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i samarbeidet mellom arkiv, bibliotek og museum, og er blitt viktig både i nasjonale og regionale nettverk. Statstilskotet utgjorde i 2006 70 % av driftsinntektene. For første gong skaffa vi over 3 millionar kr i eigeninntekter.

Ved utgangen av 2006 inneheldt samlingane 55 400 bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar. Til no har vi avvikla 1185 arrangement med vel 5100 utøvarar, medrekna 18 ulike temautstillingar.

Nynorsk kultursentrum har til no hatt vel 127 000 vanlege gjester og 1 532 000 nettstadgjester. Sidan opninga i 2000 har altså over 1,6 millionar personar nytta tilboda våre, og vi har vore til stades i heile 79 kommunar i 17 fylke.

Nynorsk kultursentrum går inn i det åttande driftsåret for tun, festspel og nettstader med fagleg ekspansjon, fornya formidling og digital kvardag som strategiske grep i arbeidet med å bli endå meir til nytte for publikum i inn- og utland.

## 2. Prioriteringar

### 2.1 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar

2. Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane

3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

Styret vedtok i 2006 å setje i gang ein prosess med visjon, verdiar og forretningsidé der styret vil konkludere sommaren 2007 etter at saka har vore drøfta og ført fram nedanfrå.

### 2.2 Strategi

Strategien vår er at Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, og nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar. Dette inneber at

- Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,
- Dei Nynorske Festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen, og at
- [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) skal vere den beste nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur.

Måla våre er allment viktige og peikar i retning av nasjonale oppgåver som vi prøver å løyse. Vi har svært vide samarbeidsflater, er ein offentleg aktør som av andre blir oppfatta som truverdig, påliteleg og løysingsorientert, og vi driv ei samla verksemd som er mindre stadbunden enn hos mange abminstitusjonar vi kan samanliknast med. Kvart år gir vi ulike publikumstilbod ei rekkje stader i landet i form av kulturprogram eller utstillingar.

Nynorsk kultursentrum legg til grunn at ein nasjonal museumspolitikk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå. For vår del er dette forankra i dei stortingsdokumenta som låg til grunn for stortingsvedtaket i 1995 om å skipe Ivar Aasentunet som eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter.

### 2.3 Viktige uløyste oppgåver

Nynorskbrukarane er den veikaste parten i den språkdeltede norske kulturen Fleire utviklingsdrag får særlege følgjer for desse:

- *Marknadsmakt avløyer offentleg styring*, og nynorskbrukarane kjem ofte dårlegare ut når offentlege ordningar blir privatiserte.
- *Sentraliseringa* på dei aller fleste områda i det norske samfunnet fører til at det er bokmålsområda som styrkjer seg på kostnad av nynorskområda, som i større grad er spreiddbygde.
- Det absolutte talet på *elevlar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen* er stabilt, men prosenttalet har gått ned frå 16,5 % i 1990 til 13,8 % i 2006. Sjølv om truleg fleire av desse blir verande nynorskbrukarar lenger enn det som var vanleg før, er dette urovekkjande, som det einaste tydelege negative utviklingstrekket det er.
- For nynorskens del er det mindre tale om domenetap enn at det er *ein del domene der nynorsk enno ikkje har fått fotfeste*. Innanfor kultursektoren gjeld det dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underholdningsindustrien, særleg den som er retta mot born og unge.
- Så godt som *alle nynorskeinstitusjonar er små* og utan tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje.
- Jamleg blir det avdekt at offentlege institusjonar ikkje følgjer *mållova* slik dei pliktar å gjere. Konsekvensen av dette er at nynorsk blir mindre synleg i kvardagen og mindre utvikla som eit allment fagspråk enn det kunne ha vore.

Den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrkje sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad av etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege. Både ein del generelle støt-teordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi mening å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for

nynorskbrukarane. Mest mogleg av arbeidet blir utført i nær kontakt med andre nynorsk-institusjonar. Vi ser desse oppgåvene som særleg viktige:

1. Realisere planane for *Nynorsk digitalt leksikon*.
2. Bruke inntil 25 % av midlane i Den kulturelle skulesekken til prosjekt som styrkjer den språklege og kulturelle sjølvtilitten til nynorskelevane.
3. Utvide verkeområdet for mållova slik at lova er tilpassa dei nye selskapsformene som tek meir og meir over i stat, fylke og kommunar.
4. Gjennomføre ein stor haldningskampanje over fem år for å fremje det positive ved den språkdelte norske kulturen.
5. Gi Dei Nynorske Festspela knutepunkt-funksjon som festival med særleg ansvar for kunst og kultur basert på dialekt og nynorsk.
6. Fastsetje i konsesjonsvilkåra for alle norske tv-kanalar med tilbod for barn at minst 25 % av barnefilmene anten skal vere dubba til dialekt eller nynorsk standardtale, eller tekstast på nynorsk.

Både det breie stortingsfleirtalet bak dei språkpolitiske hovudlinjene i kulturmeldinga frå 2003, og forpliktande løfte frå regjeringa Stoltenberg i Soria Moria-erklæringa, gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med sakene ut frå år 2013 som perspektiv.

Vi er det vi gjer. Nynorsk kultursentrum er blitt ein institusjon til å rekne med, og berre vi sjølve kan syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan tilfredsstille dei auka krava til kvalitet på tenestene og tilboda våre som følgjer av dette.

### 3. Drift

Med ei omsetning på 10 624 000 kr passerte vi for første gong timillionarsgrensa. Samstundes greidde vi å drive med overskot også i 2006. Eigenkapitalen er framleis for liten, og vi arbeider for å byggje opp ein eigenkapital som er stor nok til at vi kan tole dei svingingane drifta vår kan gi over tid.

Arbeidet med å få på plass ei ny utescene heldt fram i 2006. Målet er at den står ferdig i god tid før Dei Nynorske Festspela 2008.

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på ei mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke.

### 3.1. Resultat

Omsetninga i 2006 var på 10,6 millionar kr mot 9,8 millionar kr året før. Rekneskapen syner eit overskot på 120 000 kr etter finansinntekter, på linje med overskotet på 126 000 kr i 2005. Den positive eigenkapitalen er dermed auka til 399 000 kr. Med dette er eigenkapitalen noko høgare enn før det store underskotet i 2003.

### 3.2 Administrasjon

I 2006 hadde vi medarbeidarar i 10 faste stillingar og engasjementsavtalar med 22 andre medarbeidarar. Medarbeidarane utførte til saman 11,2 årsverk. Det var ingen skader eller ulykker i meldingsperioden. Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 6,1 % av den samla arbeidstida, mot 2,0 % i 2005.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Fire av sju styremedlemmer i 2006 var kvinner, og rådsordføraren var kvinne. I leiargruppa sat to kvinner og to menn, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2006 fem menn og fem kvinner. Ved nyttilsetjing prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar, men vi ser også til at det

over tid blir verande eit balansert forhold mellom tal på kvinner og menn i staben.

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet.

Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2006. Sjøppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2006 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

### 3.3 Vidare drift

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilete av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kr.

	2004	2005	2006
Omsetning	9 971	9 842	10 624
Resultat	111	126	120
Eigenkapital	153	279	399

Grunnfondskapitalen er på 220 000 kr. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebank1 Volda Ørsta. Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2006.

## 4. Disponering av resultat

Årsoverskotet på 120 131 kr går til å auke eigenkapitalen. Stiftinga hadde ved årsskiftet ein eigenkapital på 399 055 kr.

*Hovdebygda, 31. desember 2006/23. mars 2007*

Oddvar Haugland, *leiar*

Kristian I. Hanto    Jan Heggheim    Olaug Husabø

Ingrid I. Opedal    Målfrid Snørteland    Margit Walsø

Ottar Grepstad, *direktor*

# Rekneskap, 6 blanke sider no



# Rekneskap, 6 blanke sider no

# Rekneskap, 6 blanke sider no

# Rekneskap, 6 blanke sider no

# Rekneskap, 6 blanke sider no

# Rekneskap, 6 blanke sider no

# ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT

## 1. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei Nynorske Festspela
- Nettstadene [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no),  
[www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no) og  
[www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no)

### 1.1 Råd

20 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2006 (oppnemningsperiode i parentes):

#### *Kommunar og fylkeskommunar*

- Hordaland fylkeskommune: Jakob Bjel-land (2004–2007), vara Anbjørg R. Hjel-lestad (2004–2007)
- Møre og Romsdal fylke: Reidun Klock Tjervåg (2003–2007), vara Solfrid Petri- ne Viset (2003–2007)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Else Kristine Husabø (2003–2007), vara Liv Henjum (2003–2007)
- Volda kommune: Gunnar Strøm (1999–2007), vara Reidun Heimen Heltne (2003–2007)
- Ørsta kommune: Ola Perry Saure (1999–2007), vara Monika Ryste Barstad (2003–2007)

#### *Forskiings- og utdanningsinstitusjonar*

- Ivar Aasen-instituttet: Jan Inge Sørbø (2006–2007), vara Stephen J. Walton (2006–2007)
- Høgskulen i Volda: Terje Aarset (2006–2007), vara Reidun Aambø (2003–2007)

- Møreforsking: Else Ragni Yttredal (2006–2007), vara Geir Tangen (2006–2007)
- Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–), vara Olav Aasen (1993–)
- Noregs teknisk-naturvitskapelege univer- sitet: Gunnar Foss (2005–2007), vara Steinar Gimnes (2005–2007)
- Universitetet i Bergen: Johan Myking (2005–2006), vara Knut S. Vikør (2005–2006)
- Universitetet i Oslo: Kristian Emil Kris- toffersen (2005–2009), Rolf Theil (2005–2009)
- Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (1998–), vara Gulbrand Alhaug (2002–)

#### *Kulturinstitusjonar*

- Det Norske Samlaget: Audun Heskestad (2006–2007), vara Guri Vesås (2006–2007)
- Det Norske Teatret: Ola E. Bø (1993–), vara Kristin Eikli (1993–)
- Sunnmøre Museum: Kari Hasle (2005–2007), vara Ingebjørg Røyarhus Øyehaug (2005–2007)

#### *Målrørse*

- Noregs Mållag: Grete Riise (2001–), vara Steinulf Tungesvik (2001–)
- Noregs Ungdomslag: Gunhild Berge Stang (2006–2007), vara Hallvard Julseth (1999–)
- Landssamanslutninga av nynorskkom- munar: Jan Magne Dahle (2003–), vara Vidar Høviskeland (2001–)
- Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (2000–), vara Kjell Inge Bjørke (2000–)

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
2. Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bin- dande pålegg til styret.

3. Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
4. Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.  
Rådsordførar var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær. Rådet hadde to møte og handsama i alt 16 saker, mot 18 året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene språk- og publiseringpolitikk ved universitet og høgskular, årstalen, og nasjonale og regionale forfattarjubileum.

## 1.2 Styre

Etter vedtektsending i 2005 har styret i Nynorsk kultursentrum sju medlemmer. Staten v/Kultur- og kyrkjedepartementet oppnemner fire medlemmer og éin varamedlem, rådet vel to medlemmer og éin varamedlem, medan dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem. Oppnemningane frå Kultur- og kyrkjedepartementet kom først i april, og styret frå 2005 heldt difor fram til dei nye oppnemningane var på plass.

Styret i 2006 var:

*Frå 1.1.2006 til 27.4.2006*

Kari Bjørke, leiar (vara Marie Morken)  
 Kristian Hanto, nestleiar (vara Jan Olav Fretland)  
 Geir Atle Ersland (vara Arvid Blindheim)  
 Jan Heggheim (vara Målfrid Snørteland)  
 Eirik Helleve (vara Ingrid I. Opedal)  
 Olaug Husabø (vara Per Olav Kaldestad)  
 Margit Walsø (vara Bente Vatne)

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
 28.4.2006–31.12.2009*

Oddvar Haugland, Oslo, leiar (oppnemnd første gongen 2006)  
 Målfrid Snørteland, Hafsrfsjord (oppnemnd første gongen 2004)  
 Varamedlem for departementsoppnemnde styremedlemmer: Astrid Forland, Bergen (oppnemnd første gongen 2006)

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
 1.1.2004–31.12.2007*

Jan Heggheim, Stryn (oppnemnd første gongen 2004)

Olaug Husabø, Tromsø (oppnemnd første gongen 2000)

*Valde av rådet 1.1.2004–31.12.2007*

Kristian I. Hanto, Bø (vald første gongen 2002)

*Valde av rådet 1.1.2006–31.12.2009*

Margit Walsø, Oslo (vald første gongen 2002)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemmer: Terje Kjøde, Ørsta (vald første gongen 2006)

*Vald av dei tilsette 1.1.2006–31.12.2007*


Ingrid I. Opedal, Volda (vald første gongen som vara 2004) med vara Kirsti Langstøyl, Volda (vara også 2000–2004)

Rådsordførar Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde fire møte og handsama i alt 66 saker, mot 65 året før. Utanom budsjett, søknad om statstilskot, rekneskap og årsmelding var dei viktigaste sakene prosjektplan for ny utescene og utvida parkeringsplass, *Nynorsk digitalt leksikon*, langtidsplanar for ulike delar av drifta, innspel til arbeidet med stortingsmelding om språk, og strategisk posisjonering.

## 1.3 Administrasjon

I 2006 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 34 medarbeidarar, mot 24 året før. Desse utførte 11,2 årsverk mot 12,1 året før.



Desse 12 var fast tilsette eller tilsette i vikariat i 2006:

- Ottar Grepstad, direktør
- Eirik Helleve, dokumentasjonsleiar (omsorgspermisjon frå 20.3.)
- Milan Ilic, kjøkkenleiar
- Knut-Johann Jørgensen, driftsleiar
- Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar
- Svein Arne Myhren, vikar formidlingsleiar og dokumentasjonsleiar (til og med 30.6.)
- Marit Neergaard, formidlingsleiar (omsorgspermisjon til og med 9.4.)
- Ingrid I. Opedal, tunvert
- Christel Siem, vikar programansvarleg (til og med 26.4.)
- Åshild Widerøe, programansvarleg (engasjement festspelprodusent frå 20.3., fast tilsett frå 3.7.)
- Gaute Øvereng, informasjonsleiar
- Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær

Desse 22 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte 2490 timeverk i 2006, mot vel 2200 timeverk året før:

- Ragnhild Bjørge
- Kristin Bolstad
- Kai-Robin Lid Busch
- Ingrid Buset
- Michail Efstathiou
- Ole B. Feiring
- Guro Kristin Gjødal
- Ole Jonny Lillebråten
- Ingrid Aasen Lødemel
- Anne Tørudstad Mork
- Lars Ivar Nordal
- Idun Torvik Ramsdal
- Elisabeth Rotevatn
- Tone Helene Skattør
- Solveig Skrede
- Stine M. Sørvik
- Grunde Andreas Grepstad Thorheim
- Kristin Wangen
- Åshild Widerøe
- Birte Wollmann Ytrestøyl
- Aslaug Marit Øyehaug
- Åsne Kalland Aarstad

#### 1.4 Prosjektengasjement

Med støtte frå Norsk kulturråd sette Nynorsk kultursentrum i 2006 i gang eit forprosjekt for Jon Fosse-arkivet i samarbeid med Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret. Kirsti Mathilde Thorheim blei tilsett som prosjektleiar i eit engasjement som utgjer vel fem månadsverk. Ei styringsgruppe under leiing av Ottar Grepstad hadde fire møte i 2006. Forprosjektet blir avslutta våren 2007.

#### 1.5 Verneombod

Verneombod i 2006 var Oddny Nupen Aarflot. Ho var med på arbeidsmiljøkurs i Ørsta 19.–21.4 og 27.4.

#### 1.6 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserede Revisorar AS v/Arvid Hovden.

#### 1.7 Verv og representasjon

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Øyvind Glosvik (2006–2008)
- Styret i Norges Museumsforbund (1. vara frå 2005): Ottar Grepstad (2003–2006)
- Nasjonalt forskarnettverk for nynorsk: Eirik Helleve (2003–)
- Fagråd ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: Ottar Grepstad (2005–)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Utdanning i Volda: Ottar Grepstad (2005–)
- Styringsgruppe for hundreårssoga til Det Norske Teatret: Ottar Grepstad (2006–)

#### 1.8 Medlemsskapar

Nynorsk kultursentrum var i 2006 medlem av desse institusjonane:

- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal, MIMR (frå 2000)
- Norsk KulturhusNettverk, NKN (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)



- ICOM Noreg (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP (frå 2003)
- Norsk bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)

### 1.9 Ivar Aasen-instituttet

For Nynorsk kultursentrum er Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartnarar, og det alt i § 1, der det heiter at stiftinga har som ”hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet i Volda.” Omfanget av samarbeidet vil variere over tid, og i 2006 hadde vi få fellestiltak. Det viktigaste var kontakten mellom oss og dei tre doktorgradsstipendiatane Jens Johan Hyvik, Oddmund L. Hoel og Aase Norunn Digernes som no skriv kvar sine avhandlingar frå historia om norsk målreising 1739 –2005.

### 1.10 Stiftingar

Nynorsk kultursentrum teikna seg i 2006 som støttestiftar i Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 med 10 000 kr.

### 1.11 Samarbeidspartnarar og nettverk

Nynorsk kultursentrum representerer ein total abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar,

organisasjonar og verksemder som er spreidde på mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk. Som før leidde vi også i 2006 arbeidet i Nynorsk Forum.

### 1.12 Kunstnarleg råd

I 2005 oppnemnde Nynorsk kultursentrum eit kunstnarleg råd for Dei Nynorske Festspela som skal ha høg kompetanse på kva som er den nasjonale eller internasjonale standard innanfor ulike kunstnarlege uttrykk. Programansvarleg leier arbeidet i rådet, der desse er med juni 2005 – juni 2007:

- Ane Dahl Torp, skodespelar
- Ola E. Bø, dramaturg Det Norske Teatret
- Jan Kløvstad, kultursjef Tvedestrand
- Are Kalvø, journalist og humorist
- Margit Walsø, forlagssjef Det Norske Samlaget

Rådet hadde to møte i 2006.

## 2. Staden

Med Ivar Aasen-tunet rår Nynorsk kultursentrum over eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Vi legg stor vekt på å utføre reparasjonar og stå for eit jamleg vedlikehald som tek vare på denne unike staden. I 2006 gjorde vi ferdig prosjektplan for ny utescene i Gamletunet.

### 2.1 Uteområdet

Nynorsk kultursentrum rår over fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byd på ein autentisitet som gjer sterke inntrykk på mange.

Storebjørka i Aasen-tunet var det nynorske tuntreet, og ved sida av Kongebjørka i Molde den mest kjende bjørka i landet. Etter stormskade hausten 2004 blei bjørka teken ned eitt år seinare. Før det hadde vi våren 2005 sendt avleggjarar til Biri planteskole som dyrkar fram genetiske kopiar. Avleggjarar vil høve godt for utplanting våren 2008.

## 2.2 Bygningar og anlegg

Nybygget i Ivar Aasen-tunet er ei komplisert bygning med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn med desse anlegga blei prioritert høgt også i 2006. I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde administrasjonen også dette året kontakt med professor arkitekt Sverre Fehn MNAL.

Gjenklngen i kafeen og resepsjonen har vore for stor heile tida. Hausten 2004 tok vi difor kontakt med Statsbygg for å sjå om noko kunne gjerast. Statsbygg var imøtekommande og kring årsskiftet 2004/2005 fekk vi fram førebels prisoverslag over ei teknisk god, men dyr løysing som også kan vere tilfredsstillande visuelt. Det var ikkje økonomisk grunnlag for å følgje opp dette i 2006. Det same gjeld behovet for større parkeringsplass.

Arbeidet med å planleggje ny, større og permanent utescene tok til i 2003. Arkitektfirmaet Hille & Strandskogen har teikna den nye sceneløysinga, og Ottar Skare er engasjert som byggjeleiar. Hausten 2006 låg det føre ein komplett prosjektplan som ville gjere det mogleg å ha ei ny utescene ferdig til bruk 10.5.2007. Uventa vanskar med finansieringa førte til at arbeidet blei stoppa mellombels vinteren 2007.

## 2.3. Forankring i vertskommunane

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær kontakt med desse. Det årlege kontaktmøtet med politisk og administrativ leiing som blei institusjonalisert i 2005, blei halde på ny i november 2006.

## 3. Dokumentasjon, forskning og formidling


Den spisskompetansen på dokumentasjon og formidling av nynorsk skriftkultur som skal vere vårt varemerke, blei utvikla vidare i 2006, særleg gjennom boka Viljen til språk, konkurranse om nye feiringssalmar og det nye barnetilbodet som tunkatten Lurivar står

for. Det forpliktar at Nynorsk kultursentrum for mange er blitt eit kvalitetsargument.

## 3.1 Arkiv og bibliotek

Gjennom året auka samlingane med 21 134 titlar og band. Den 1.1.2007 hadde vi såleis 55 421 titlar og band. Den store auken i 2006 kjem av at det samla talet for Djupedal-samlinga på 34 600 band (19 400 registrerte og 15 200 uregistrerte band) diverre ikkje kom med i 2005-statistikken. Vi har difor lagt til 20 600 band i tala for 2006. Frå no av flatar tilveksten ut.

Gjenstandar i alt 2000-2006




Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysiske. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepet *band/eksemplar*, der vi til dømes tel med enkeltteksemplar av særprent, enkeltårgangar av aviser, tidsskriftnummer m.m.

Omgrepet *titlar* er nedanfor brukt om tilvekst utanom Djupedal-samlinga. Dette dekkjer både enkeltbøker, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, fotografi, originaldokument, arkiveiningar og enkeltgjenstandar. Av samlingane totalt var 15 153 titlar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, mot 14 884 i 2005. Djupedal-tilveksten av uregistrerte band medfører at 27 % av samlingane no er tilfredsstillande registrerte, mot 43 % i 2005.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Tilveksten av kulturhistoriske gjenstandar var på 253 titlar, i form av 243 trykte skrifter og 10 AV-media (CD-ROM, musikk-CD-ar, CD-lydbøker og DVD). Talet på kunsthistoriske gjenstandar auka med 2 i 2006, medan fotografi auka med 279 titlar; hovudsakleg fotografi tekne

og brukt i samband med egne aktivitetar og arrangement.

Prosent gjenstandar tilfredsstillande registrert  
2002-2006



Biblioteket kjøpte i 2006 inn 110 trykte skrifter og 5 AV-media, og abonnerte på 68 tidsskrift og årbøker. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum 136 trykte skrifter og AV-media i gåve. Av gåvene er 22 titlar presseeksemplar frå Det Norske Samlaget, ein ny avtale som tok til å gjelde frå hausten 2006.

Biblioteket hadde totalt 331 utlån i 2006. Dette omfatta utlån til dei tilsette og til utstillingar frå egne samlingar, utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek og utlån til andre bibliotek. Vi hadde 30 utlån til andre bibliotek, og sende frå oss 5 kopiar.

Av plassgrunnar fører Nynorsk kultursentrum ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Kvart år får vi tilbod vi må takke nei til. Det var ingen tilvekst av arkivmateriale i 2006.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS-basen tok til i 2001. Talet på DOKID tilsvarar talet på eksemplar som er registrerte i basen. Ved utgangen av 2006 var det registrert totalt 12 502 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt, av desse blei 269 titlar/eksemplar katalogisert i 2006.

Arbeidet med å registrere samlingane i Ivar Aasen-tunet er godt i gang, men det vil ta lang tid før alt er registrert. Den prioriterte delen av Djupedal-samlinga er no ferdig registrert, hovudsakleg faglitteratur, periodika, særprent og småtrykk. Rundt 7600 titlar i Djupedal-samlinga er no å finne i BIBSYS. I tillegg kjem 4900 trykte skrifter og AV-media som er tilvekst utanom. Til saman blir dette 12 500 titlar og band i BIBSYS. Oversyn over titlar og årgangar av aviser og blad i

Aure-samlinga er publisert på nettstaden. Oversyn over titlar og årgangar av aviser og blad i Aure-samlinga er publisert på nettstaden.

Utanom innkjøp av 2 kunstverk kom det ikkje til fleire tradisjonelle gjenstandar i 2006. Ut frå *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006–2008* skulle heile gjenstandssamlinga – kunstverk, eldre fotografi og gjenstandar samla inn etter at Ivar Aasen-tunet opna, ha vore registrert i WinRegimus eller Primus før 31.12.2006. Grunna permisjon i dokumentasjonsleiarstillinga blei dette ikkje gjort.

### 3.2 Samlingar

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av egne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

*Ivar Aasen-samlinga:* 225 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Arbeidet med å gå gjennom heile Aasen-samlinga for å samanlikne med Haukaas si liste frå 1946 blei avslutta i 2004. Den korrigererte lista over denne boksamlinga vil bli publisert på nettstaden.

*Reidar Djupedal-samlinga:* Ved avslutta prosjektperiode 1.10.2005 var rundt 19 400 band registrerte. Saman med vel 15 200 uregistrerte band utgjør samlinga i alt 34 600 band. Samlinga inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika innan ulike fagområde, men med vekt på språk- og litteraturvitenskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisk. I tillegg kjem 218 originale Aasen-dokument og 22 kartongar med avisklipp.

*Sivert Aarflot-arkivet:* Over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet, i første omgang fram til 2005, men avtalen blir fornya i 2007.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: Om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 146 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Ved overføringa frå Universitetsbiblioteket i Oslo/Nasjonaltbiblioteket i Oslo

(NBO) var store delar av dette uordna materiale. Innhaldet har blitt ordna alfabetisk i tre kategoriar; skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent. Samlinga inneheld også ein del avisklipp som er med å gjere klipparkivet i Ivar Aasen-tunet unikt. Vi reknar med å kunne ta imot resten av Aure-samlinga i planperioden for *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006–2008*.

*Arkiv for norsk målreising*: Dette er Peder Hovdans arkiv med 153 arkivboksar med avisklipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innholdsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i dei enkelte kommunane fram til om lag 1950. Det Norske Samlaget eig arkivet, som var deponert på Universitetsbiblioteket i Oslo fram til hausten 2005, då samlinga blei frakta til Ivar Aasen-tunet for deponi her. Det Norske Samlaget skal før 10.2.2011 vurdere ei permanent deponering av arkivet i Aasen-tunet. Arkivet blir ordna av oss når vi har kapasitet, og det er aktuelt å skanne ein del avisklipp til nettstaden.

*Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005*: 155 kassetar og permar. Papirarkivet blei avslutta våren 2005 og erstatta med digital klippteneste frå iFokus, og frå november 2006 Retriever.

### 3.3 Innkjøpte kunstverk

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt ut kunstsamlinga i Ivar Aasen-tunet. I 2006 kjøpte vi to kunstverk:

- Finn Graff: Kjartan Fløgstad
- Finn Graff: Einar Førde

Etter dette eig Nynorsk kultursentrum 30 kunstverk.

### 3.4 Dokumentasjon og forskning

Styret vedtok i 2005 *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006 – 2008*. Dette inneber at den tidlegare dokumentasjons- og forskingsplanen er slått saman med delar av innsamlings- og bevaringsplanen. Resten blei teke med i *Sikrings- og bevaringsplan 2006-2008*, som styret vedtok i 2006.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane

sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepet *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. I den nyaste større museumsutgreinga, *NOU 1996:7*, ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar, altså som eit synonym for systematisk registrering. I planen vår har vi prøvt å gi omgrepet eit meir presist innhald: ”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse.” Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forskning lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitenskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

I 2006 var desse 13 dokumentasjonsprosjekta i gang i eigen regi:

*Nynorsk faktabok 2005* (frå 1999) av Ottar Grepstad er den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av nynorsk skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Boka inneheld nesten 400 tabellar og figurar, og er på 785 sider. Fram til utgangen av 2008 blir det jamlege oppdateringar på nettet; neste komplette utgåva er planlagt for 2009.

*Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie* (frå 2001) av Ottar Grepstad har gitt rom for ny dokumentasjon om nynorsk kulturhistorie, og frå samlingane etter Ivar Aasen har vi brukt illustrasjonsmateriale ingen nolevande

personar hadde sett før. Arbeidet blei avslutta i januar 2006.

*Nettbiblioteket* (frå 2001): Den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

*Nynorske dikt og songar* (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving. I 2004 publiserte vi bl.a. fleire av dei klassiske julesongane.

*Ivar Aasen-bibliografi* (frå 2002): Ein selektiv bibliografi frå 1977 blei i 2002 oppdatert, og vil bli oppdatert årleg frå og med 2007.

*Det nynorske Noregskartet* (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar, nynorsk liturgi, Nynorsk Salmebok, vedtak om tenestemål og målform på informasjon frå Postverket. Til vandreutstillinga *Viljen til språk* visualiserte vi for første gong materiale frå denne databasen, i form av eit Noregskart som viste når den første skulekrinsen i kvar kommune tok i bruk nynorsk.

*Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen"* (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet. Arbeidet blir turleg avslutta i 2007.

*Historia om Ivar Aasen-museet* (frå 2003): Tidlegare museumsstyrar Jens Kåre Engeset publiserte eit historisk oversyn hausten 2003. Vi arbeider vidare med dette historiske materialet med ujamne mellomrom. Dokumentasjonsleiar Eirik Helleve har funne mykje nytt stoff frå tida 1896-1900, og samla dette i ein artikkel som blei publisert i årsskriftet til Hovdebygda soge- og velferdslag.

*Språkpolitikk i partiprogramma* (frå 2004): Komplett dokumentasjon av alt som partia på Stortinget har vedteke om språkpolitikk i partiprogramma sine frå og med 1906. Dokumentasjonen blei publisert i serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet*, og blir utgitt i oppdatert i 2007.

*Digitalisering av illustrasjonsarkivet til Norsk allkunnebok* (frå 2004): I tråd med avtale vi

gjorde med Nasjonalbiblioteket hausten 2004 ordnar vi dette arkivet og digitaliserte illustrasjonar til eige bruk etter behov. Arbeidet blei gjennomført vinteren 2005. Vi digitaliserte i underkant av 300 bilete, i all hovudsak portrett av nynorskbrukarar. Arkivet var ikkje så omfattande som vi hadde trudd, og inneheldt på langt nær alle illustrasjonane frå det store oppslagsverket.

*"Den språkdelte kulturens lov". Årstale nr. 6 om tilstanden for nynorsk skriftkultur* blei halden i Ivar Aasen-tunet 27.9.2006. Direktørens tale er framleis den einaste årstalen i heile kultursektoren. Heile talen handla om mållova si historie, kva funksjon denne lova har i dag, og kva som særmerkjer den faktiske språkbruken i nynorskkommunane..

*Digitalisering av Fedraheimen* (frå 2005): Ved sida av *Dolen* (1858-70) var *Fedraheimen* (1877-91) den viktigaste landsmålsavisa på 1800-talet. I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å gjere heile avisa tilgjengeleg på Internett, i fulltekst. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Norsk Ordbok 2014 digitaliserer all teksten, for bruk i nynorskkorpuset sitt, og vi får kopiar av desse tekstfilene. Kvar fil inneheld all tekst frå eit avisnummer, og før vi legg dette ut på nettet må desse filene delast opp i nye filer, ei for kvar artikkel. Arbeidet med å leggje filene til rette for Internett-publisering tok til sommaren 2005, og ved utgangen av 2006 var årgangane 1877-84 klare for publisering. Vi kjem i gang med dette arbeidet i februar 2007. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn.

I 2006 var desse 4 eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekta i gang med utgangspunkt i samlingane våre

*Mastergrad i nynorsk skriftkultur* (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både førelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side.

*Biografi om Elias Blix* (frå 2002): Anders Aschim gir hausten 2007 ut ein biografi om

Elias Blix. Han har ofte vore i kontakt om materiale frå samlingane våre.

*Det åpne språket* (frå 2003): Ivar Aasen-instituttet sette hausten 2003 i gang dette forskingsprosjektet om norsk målreisingsso-ge 1739 – 2005 med tre doktorgradsstipendiatar. Særleg ein av dei tre forskarane har brukt samlingane mykje. Det er venta at alle tre leverer avhandlingane sine i 2007.

*Vestlandets historie* (frå 2004): Dette populærvitenskaplege prosjektet blei avslutta med eit trebandsverk hausten 2006. Kapitlet ”Demokratisering i ein språkdelt kultur” i band 3 er skriven med grunnlag i blant anna samlingane våre.

### 3.5 Nynorskbasen

Som ein del av arbeidet med *Nynorsk leksikon* har administrasjonen frå sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*, ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2006 var det registrert informasjon om 3556 personar. Det vil seie vel 50 fleire enn ved førre årsskiftet. 15 % av personane i basen var kvinner. Meir utførelg biografisk informasjon ligg føre om 2821 personar, for intern bruk.

### 3.6 Artikkelarkivet

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klypte også ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla, dannar Artikkellararkivet i Ivar Aasen-tunet. Ved årsskiftet hadde arkivet 4880 utklipp, fordelt på om lag 760 personar, institusjonar og organisasjonar.

I 2006 klypte vi fast frå Bergens Tidende, Dag og Tid, Klassekampen og Sunnmørsposten. I tillegg tek vi vare på artiklar frå andre aviser og frå ulike nettstader, dersom vi kjem over dei. Også eldre artiklar, som til dømes har vorte brukt i arbeidet med temautstillingar, blir tekne med i Artikkellararkivet. Arbeidet er tidkrevjande, og frå 2006 har vi konsentrert arbeidet hovudsakleg om biografisk materiale og intervju, og mindre av t.d. bokmeldingar som ein i stor grad finn på Internett.

Vi prioriterer artiklar om profilerte nynorskbrukarar: forfattarar, journalistar og andre mediearbeidarar, sentrale tillitsfolk eller tilsette i nynorskinstitusjonar, andre nynorskbrukande kulturpersonar, og nokre utvalde landsfemnande institusjonar og organisasjonar som bruker nynorsk.

### 3.7 Publikumssørvis

Også i 2006 heldt vi fast ved garantien frå 2000 om at vi svarar på relevante spørsmål innan 48 timar. Vi får stadig fleire spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange av spørsmåla er frå skuleelevar som treng hjelp til oppgaver, oftast om Ivar Aasen. Det er òg vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Både spørsmål og svar blir tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

### 3.8 Foredrag

Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

Ottar Grepstad: ”Frå fleirspråkleg einevelde til den språkdelte kulturens demokrati”. Foredrag på jubileumsseminar i Noregs Mållag i Oslo 4.2.

–: ”Den eine gjenstanden”. Innlegg på jubileumsseminar, Sunnmøre Museum, Ålesund 31.3.

–: ”Rasmus og Marta Steinsvik – eit ektepar med skarpe kantar”. Labråten, Asker Museum, 10.5.

–: ”Viljen til språk”. Ottar Grepstad om språk og demokrati i samtale med Steinar Laberg. Norsk litteraturfestival, Lillehammer, 3.6.

–: ”Mannen som trødde så skeivt”. Festtale ved hundreårsjubileet til Marnardal Mållag, Mandal 16.9.

–: ”Den språkdelte kulturens lov”. Årstale nr. 6 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasen-tunet 27.9.

–: ”Nynorsk i mediasamfunnet”. Opningsforedrag på konferansen ”Den store språkda- gen”, Høgskulen i Volda 23.10.

–: ”Den folkekjære og omstridde utbrytaren”. Opningsforedrag på jubileumsseminar om Marie Takvam, Høgskulen i Volda 27.10.  
–: ”Er språk og demokrati to sider av same sa?” Innlegg på faglunsj ved Høgskolen i Telemark, Bø 2.11.  
–: ”Frå ’Norsk i hundre!’ til stortingsmeldinga. Prioriteringar i språkpolitikk for nynorsk”. Innlegg på møte i Forskarnettverket i nynorsk skriftkultur i Bergen 10.11.

### 3.9 Viljen til språk

Forfattaren Ottar Grepstad tok til å planlegge denne boka vinteren 2001. Målet var både å gi ei brei og allmenn innføring i nynorsk kulturhistorie, og å lage ei bok som kan verke som utstillingskatalog for gjester i Ivar Aasen-tunet.

Boka blei gitt ut av Det Norske Samlaget og lansert 1.2. Eirik Helleve og forfattaren var biletredaktørar, Aina Griffin formgivar. Boka blei trykt i to opplag og selde i 4200 eksemplar i 2006.

Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag kjøpte delopplag, Norsk kulturråd kjøpte boka til alle folkebibliotek, og Norsk lyd- og blindebibliotek laga lydbok.

Som ei personleg gåve og ei gåve frå Nynorsk kultursentrum til hundreårsjubilanten Noregs Mållag framførte Ottar Grepstad biletkåseriet ”Ivar Aasens store alvor – og vår tids glede” på desse 14 stadene i 2006: Ørsta (Ivar Aasen-tunet) 29.1.

Hareid 8.2.

Ål 9.2.

Lillehammer 14.3.

Vågå 30.3.

Sandefjord 27.4.\*

Molde 31.8.\*

Eidsvoll 17.10.

Oslo 18.10.

Sogndal 21.10.

Sauherad 1.11.

Suldal 2.11.

Hjelmeland 3.11.

Sykkylven 29.11.

Med unntak av stadene merkte med \* blei arrangementa gjennomførte i samarbeid med dei lokale mållaga. Arrangementa samla i alt vel 1000 tilhøyrarar.

### 3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet

Nynorsk kultursentrum ønskjer ikkje å bruke tid og pengar på å vere sin eigen forleggjar. Derimot har vi etter kvart sett eit behov for raskt å kunne spreie informasjon til definerte målgrupper. Frå og med 2004 gir vi ut ein enkel serie av småskrifter, produsert på kopimaskinen for rask produksjon, rask distribusjon, bruk og kast. Alle småskriftene blir også publiserte på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet* skal innehalde artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske og faglege spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. I 2006 kom det ingen nye nummer i serien.

### 3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter

Ottar Grepstad: *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo 2006. 1. opplaget 1.2.2006, 2. opplaget 31.8.2006

– : *Det undrande språket: nynorske fakta*. 2. utgåva 2006

–: ”Typisk norsk plagiat”. Kronikk, *Aftenposten* 4.4.

–: ”Mannen som trødde så skeivt”. *Syn og Segn* nr. 3, s. 4–14

–: ”Viljen til språk er evna til demokrati”. *Bedre Skole* nr. 3, s. 91–92

–: ”Demokratisering i ein språkdelt kultur”. *Vestlandets historie*. Band 3, s. 148–193

Eirik Helleve: ”Peder Hovdan”. innleiing til Peder Hovdan: ”Um målreisingi på Voss”, del 1, *Gamalt frå Voss* 2006. Artikkelen til Hovdan, som ikkje har vore prenta før, blei funnen i Arkiv for norsk målreising Ivar Aasen: ”Om skriftspråket vårt”. Omsett frå dansk til nynorsk av Ottar Grepstad. [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) 10.5.

–: ”Om skriftspråket vårt”. Omsett frå dansk til nynorsk av Ottar Grepstad. *Syn og Segn* nr. 3, s. 15–17

–: ”Fortale til *Norske Grammatik*”. Omsett frå dansk til nynorsk av Ottar Grepstad. *Syn og Segn* nr. 3, s. 18–26

### 3.12 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 47 eksterne tilstellingar i 2006, like mange som året før:

Møte i Løland-nemnda i Oslo 10.1.: Ottar Grepstad



Kulturtorget i regi av Møre og Romsdal fylke i Molde 19.–20.1.: Svein Arne Myhren

Møte saman med Det Norske Samlaget om *Digitalt nynorsk leksikon* med politisk leiding og embetsverk i Kultur- og kyrkjedepartementet i Oslo 25.1.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad

Jubileumsmottaking for Noregs Mållag i Oslo 3.2.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad, Eirik Helleve

Jubileumskonferanse i Noregs Mållag i Oslo 4.2.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Svein Arne Myhren

Reiselivsmøte i regi av Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 13.2.: Ingrid I. Opedal og Gaute Øvereng

Møte om turistruter Ålesund–Hjørundfjorden på Sæbø 1.3.: Ingrid I. Opedal

Årsmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 3.3.: Gaute Øvereng

Møte i Forum for nynorsk i skulen i Oslo 14.3.: Ottar Grepstad

Det 70. norske bibliotekmøtet 22.–25.3., landsmøte i Norsk Bibliotekforening 22.3., BIBSYS-brukarmøte 23.3., i Trondheim: Kirsti Langstøyl

Møte med reiselivsnæringa om marknadsføring av Hjørundfjorden på Sæbø 16.3.: Ingrid I. Opedal

Matkurs på Vianvang i Vågå 30.3.–1.4.: Milan Ilic

Jubileumsseminar Sunnmøre Museum 75 år i Ålesund 31.3.: Ottar Grepstad

Møte med ABM-utvikling og Møre og Romsdal fylke i Molde 5.4.: Ottar Grepstad

Landsmøte i Noregs Mållag i Oslo 28.–30.4.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad, Åshild Widerøe

Årsmøte i Det Norske Samlaget 28.4.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad

Møte mellom kulturarrangørar i Ørsta 4.5.: Gaute Øvereng

Årsmøte i Ørsta reiselivslag i Ivar Aasentunet 23.5.: Ingrid I. Opedal

Norsk Litteraturfestival på Lillehammer 1.–3.6.: Ottar Grepstad

Vågsøghelga i Surnadal 2.–3.6.: Åshild Widerøe

Årsmøte i Noregs Ungdomslag og Folkelkulturfestivalen i Trondheim 5.–9.7.: Ottar Grepstad

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 7.–9.7.: Ingrid I. Opedal, Åshild Widerøe

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 25.8.: Ottar Grepstad

Møte om ”Strategi for nynorsk i skulen” i Utdanningsdirektoratet i Oslo 29.8.: Ottar Grepstad

Ekstramøte om prioriterte nynorsktiltak i statsbudsjettet 2007 i Nynorsk Forum i Oslo 29.8.: Ottar Grepstad

Bjørnsonfestivalen i Molde 30.8.–3.9.: Ottar Grepstad, Ingrid I. Opedal, Åshild Widerøe

Matfestivalen i Ålesund 31.8.–1.9.: Milan Ilic, Ingrid I. Opedal

Møte med statssekretær Randi Øverland i Kultur- og kyrkjedepartementet i Oslo 12.9.: Oddvar Haugland, Ottar Grepstad

Deltaking i debatten ”Har nynorsken utspilt sin rolle” på Christianssand Protestfestival i Kristiansand 15.9.: Ottar Grepstad

Møte i Kunstnarleg råd i Oslo 20.9.: Åshild Widerøe

”Med brukeren i fokus – digitalisering og tilgjengeliggjøring for kultur og læring”, konferanse arrangert av ABM-utvikling, Nasjonalbiblioteket, Utdanning.no og eStandardprosjektet i Oslo 25.9.: Kirsti Langstøyl

Møte om lokal foredling av mat på Rekedal Gard i Ørsta 17.10.: Milan Ilic, Ingrid I. Opedal

Strategi for nynorsk i skulen, møte i skrivegruppa i Oslo 17.10.: Ottar Grepstad

Møte i styringsgruppe for hundreårssoga til Det Norske Teatret i Oslo 17.10.: Ottar Grepstad

Møte med komitéleiar May-Helen Molvær Grimstad i Stortinget 18.10.: Ottar Grepstad

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 18.10.: Ottar Grepstad

Møte mellom Nynorsk Forum og Løvebakken Mållag i Oslo 18.10.: Ottar Grepstad

”Eg vil møte deg, Marie Takvam 80 år”, seminar på Høgskulen i Volda 27.10. i samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Nynorsk kultursentrum: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl



Møte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ivar Aasen-tunet 1.11.: Ingrid I. Opedal, Gaute Øvereng

Presentasjon av vinnarane i salmekonkurransen "Nye feiringssalmar" i Oslo 2.11.: Gaute Øvereng

Nynorske litteraturdagar i Aurland 3.–5.11.: Åshild Widerøe

Strategi for nynorsk i skulen, fellesmøte med Forum for nynorsk i skolen, i Ivar Aasen-tunet 6.11.: Ottar Grepstad

Møte med Jølster kommune om Astrup-tunet i Ivar Aasen-tunet 8.11.: Ottar Grepstad, Marit Neergaard

Forskarnettverket i nynorsk skriftkultur i Bergen 10.11.: Ottar Grepstad

Kontaktmøte med vertskommunane i Ivar Aasen-tunet 23.11.: Oddvar Haugland, Ottar Grepstad

Møte med rektor Gunnar Stave på Høgskulen i Volda 24.11.: Oddvar Haugland, Ottar Grepstad

Møte i styringsgruppe for hundreårssoga til Det Norske Teatret i Oslo 4.12.: Ottar Grepstad

### 3.13 Nye feiringssalmar

Med støtte frå den nye ordninga for kyrkjemusikk i Norsk kulturråd lyste vi 16.1. ut ein konkurranse om nye feiringssalmar. Det kom inn i alt 105 manuskript – 41 dåpssalmar, 22 konfirmasjonssalmar, 26 bryllaupssalmar og 16 andre.

I juryen sat forfattar Oskar Stein Bjørlykke (leiar), kyrkjeverje Valgerd Svarstad Haugland, prost Evy Kvamsdal og musikar Henning Sommerro. Juryen kåra samrøystes desse tre vinnarane, som blei offentleggjorde 2.11.:

1. Emil Skartveit, Oslo (tekst) og Stein Skøyeneie (melodi): "Du er Guds barn, nett no" (dåp)
2. Andreas Bjåstad, Hareid (tekst) og Odd Goksøyr (melodi): "Å, måtte denne dagen" (bryllaup)
3. Elisabeth Moldestad, Fitjar (tekst) og Ragnar Bull (melodi): "Eit vakkert lite menneske" (dåp)

Materiale frå konkurransen blir brukt i ein kyrkjekonsert under Dei Nynorske Festspela 2007. Anonymiserte kopiar av manuskript

blei sende til Underutvalet for salmar, under leiing av Tore Kopperud, eitt av fleire underutval i regi av Nemnd for gudstenesteliv som leier arbeidet med reformer i gudstenestelivet.

### 3.14 Spørjeundersøking om målbruk

I samarbeid med Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) gjennomførte vi i august–september 2006 ei spørjeundersøking blant alle kommunar og fylkeskommunar med nynorsk som tenestemål. Målet var å kartleggje den faktiske bruken av nynorsk. Svar og analysar blei publiserte i årstale nr. 6.

Etter at svara var talde og årstalen halden, kom det inn nokre fleire svar frå kommunane. I alt svara 95 kommunar og fylkeskommunar, eller heile 81 % av dei spurde. LNK har fått kopi av heile materialet.

## 4. Utstillingar

Etter nedgangen i 2005 auka utstillingsavdelinga omsetninga med heile 81 % frå 386 000 kr i 2005 til 703 000 kr i 2006. Resultatet blei eit overskot på 111 000 kr mot 120 000 kr året før. I 2006 hadde vi 5512 gjester i utstillingane våre, mot 5900 året før. For vandreutstillingane får vi diverre som regel ikkje informasjon om gjestetal.

### 4.1 Basisutstillinga

Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Det blir difor misvisande å omtale basisutstillinga som ferdig, men inngrepa i utstillinga blir no omtalte som endringar, ikkje som ferdiggjering. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane i form av dagens sitat og ferske utgåver av nynorskredigerte aviser.

Arbeidet med det første store inngrepet i basisutstillinga tok til i 2005. Endringane blei ikkje ferdigstilte, og då Fritt Ord i desember 2006 gav oss eit tilskot på 1 million kr til endringar i basisutstillinga, blei rammevilkåra for prosjektet mykje større. Dei første endringane kjem på plass før sommaren 2007,

og denne runden med endringar skal vere ferdig til sommaren 2008.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. I 2006 gjorde vi tre endringar:

- 21.6. Rønnaug Kleiva inn, Sigmund Skard ut
- 4.12. Jon Hellesnes inn, Eldrid Lunden ut; Halldis Moren Vesaas inn (reprise), Kristofer Uppdal ut

Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkelarkivet. I utstillingsperioden låner vi òg inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike forfattarane. Til no har vi presentert 25 forfattarar i Forfattarrommet.

I *aktualitetshylla* kjem skifta med ujamne mellomrom. Gjennom året var delar av hylla brukt til temautstillingar. I 2006 la vi fram rundt 50 avisklipp og eigne tekstar om ulike emne. Dette er omtrent som føregåande år.

## 4.2 Temautstillingar

I rommet for temautstillingar viste vi i 2006 seks utstillingar: To av desse var nye, og Aina Griffin var som vanleg formgivar:

- 1.1. – 28.1. *Med blikk for republikk*. Republikanarar i Noreg gjennom 100 år (første gong vist november 2005)
- 29.1. – 2.3. **NY** *Viljen til språk*. Noregs mållag 100 år
- 3.3. – 21.6. *I Edvard Hoems tid* (reprise; utstillinga blei første gong vist juni 2005)
- 22.6 – 21.9. **NY** *Olaug Nilsens basar*. Fest speldiktar 2006
- 22.9. – 13.10. *Utbrytaren Marie Takvam* (reprise; første gong vist juni 2003)
- 11.11 – 31.12. *Striper, ruter, bobler* (reprise; første gong vist februar 2003)

Dei fleste temautstillingane våre har tolv plansjar på 50x50 cm. Utstillinga *Det undrande språket* (2004) er sett saman av sju rullebanner på 80x180 cm. I utstillinga *Viljen til språk* kombinerte vi for første gong desse to formata, og laga fire rullebanner i tillegg til dei tolv plansjane. Røynslene med ei slik løysing er gode.


Temautstillingane blir henta fram att etter behov slik at dei kan bli sett av flest mogleg, og slik at basisutstillinga jamleg er i endring. Ved utgangen av 2006 har vi produsert 18 temautstillingar.

## 4.3 Vandreutstillingar

Temautstillingane er spesiallaga til eit rom i utstillinga, men har eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Dei første åra etter opninga av Aasen-tunet kontakta vi berre låntakarar som var relevante for dei ulike utstillingane, men frå og med november 2003 har vi distribuert ein enkel brosjyre med presentasjonar av temautstillingane vi har laga. Dette førte til ein stor auke i talet på utlån, og vi ser i alle fall to gledelege tendensar: Tidlegare låntakarar kjem gjerne attende og tingar nye lån, noko som viser at utstillingane fungerer godt også utanfor Ivar Aasen-tunet. Vidare har biblioteka blitt gode låntakarar, og biblioteka i Vest-Telemark organiserte sjølve ei eiga reiserute for ei av utstillingane våre der.

2006 blei eit rekordår både målt i samla utlån og talet på visingstader for éi utstilling. Vi laga dobbelt sett av *Viljen til språk*, og i samarbeid med Noregs Mållag blei utstillinga vist 30 stader i 11 fylke. Det eine settet av utstillinga blei opna i Ivar Aasen-tunet av leiar Nils Ulvund i Noregs Mållag, det andre av kultur- og kyrkjeminister Trond Giske i Det Norske Teatret 3.2.

Tal utlånte vandreutstillingar 2000-2006



I alt hadde vi 35 utlån av utstillingar i 2006. Desse utstillingane var på utlån:

### Askerkretsen

29.1. – 23.4. Asker Museum, Asker, Akershus

*Diktarens litterære liv*

21.11.06 – 22.11.07 Olav Duuns hus, Holmestrand, Vestfold

*Musikken i språket*

25.5. – 31.10. Odda bibliotek, Odda, Hordaland

*Striper, ruter, bobler*

1.3. – 31.3. Fræna bibliotek, Fræna, Møre og Romsdal

*Utbrytaren Marie Takvam*

18.10. – 3.11. Høgskulen i Volda, Volda, Møre og Romsdal

*Viljen til språk*

3.2. – 1.5. Det Norske Teatret, Oslo

6.3. – 16.3. Valle, Aust-Agder

21.3. – 28.3. Harstad, Troms

30.3. – 7.4. Elverum, Hedmark

21.4. – 5.5. Noregs Mållag, Oslo

1.6. – 5.6. Surnadal, Møre og Romsdal

7.6. – 11.6. Molde, Møre og Romsdal

9.6. – 19.6. Lærdal, Sogn og Fjordane

13.6. – 30.6. Sunndal, Møre og Romsdal

28.7. – 6.8. Etne, Hordaland

8.8. – 22.8. Evje og Hornnes, Aust-Agder

28.8. – 8.9. Sykkylven, Møre og Romsdal

9.9. – 20.9. Stranda, Møre og Romsdal

9.9. – 18.9. Ulvik, Hordaland

20.9. – 29.9. Bryne, Rogaland

21.9. – 5.10. Langevåg, Møre og Romsdal

2.10. – 11.10. Suldal, Rogaland

6.10. – 13.10. Hareid, Møre og Romsdal

14.10. – 22.10. Sogndal, Sogn og Fjordane

14.10. – 25.10. Steinkjer, Nord-Trøndelag

24.10. – 8.11. Bergen off. bibliotek, Bergen, Hordaland

9.11. – 13.11. Dragefjellet skole, Bergen, Hordaland

15.11. – 16.11. Vinstra, Oppland

28.10. – 14.11. Kristiansand, Vest-Agder

17.11. – 20.11. Nord-Fron, Oppland

18.11. – 1.12. Tromsø, Troms

21.11. – 26.11. Sør-Fron, Oppland

1.12. – 9.12. Alvdal, Hedmark

4.12. – 18.12. Strand, Rogaland

21.12. – 10.1.2007 Voss, Hordaland

Sidan 2000 har vi i alt hatt 73 utlån av utstillingar i 17 fylke. Med sine 30 utlån i

2006 er *Viljen til språk* den mest populære utstillinga. Berre 4 av dei 18 temautstillingane våre har aldri vore på utlån.

## 5. Tilbod til barn og elevar

I 2006 hadde vi 4180 gjester på arrangement for barn, småbarnsfamiliar og skuleelevar, mot nær 4000 i 2005. Det vil seie at kvar fjerde gjest hørde til i desse gruppene. Også sett under eitt sidan opninga i 2000 utgjør barn og unge 25 % av det samla gjestetallet.

Kor mange barn og unge som bruker tilboda våre på nettstaden, er ukjent.

Tilbodet til desse gruppene blir breiare for kvart år. Vi hadde også i 2006 eit godt samarbeid med vertskommunane om opplegg i regi av Den kulturelle skulesekken på tre klassesteg, og vi var på tre turnear i like mange fylke med elevprogrammet ”Det undrande språket”. Ny av året var tunkatten Lurivar, utvikla med støtta frå ABM-utvikling og Norsk kulturråd. Både på sin eigen nettstad og på anna vis skal Lurivar fremje leselyst og interesse for nynorsk barnelitteratur.

### 5.1 Standardtilbod

Alt frå opningssesongen hadde Nynorsk kultursentrum skuletilbod for alle klassesteg frå barnehage til og med vidaregåande skule. Med åra har vi revidert og utvida dette skuletilbodet, som no inneheld 15 ulike opplegg:

- Barnehage: Leit og leik
- 1. klasse: Ein skuledag i gamle dagar
- 2. klasse: Ut i naturen
- 3. klasse: Ivar Aasens oppvekstår
- 4. klasse: Teikneseriar
- 5. klasse: Dikt
- 6. klasse: Ivar Aasen og innsamling av dialektar
- 6. klasse: Det ligg mellom linjene
- 7. klasse: Den lokale skriftkulturen
- 8. klasse: Ivar Aasens verk
- 9. klasse: Språk, skrift og teikn

- 10. klasse: Skulen som språkleg slagmark
- Grunnkurs: Sosiale endringar i språket
- VK1 : Skriftlege massemedium
- VK2 : Dialektar

30 grupper med til saman 1147 elevar brukte desse skuletilboda i Ivar Aasen-tunet i 2006, mot 45 grupper med 1181 elevar i 2005. Skuleelevar betaler 20 kr per elev når dei deltek på desse tilboda. Informasjon om skuletilboda ligg ute på nettstaden. Skulane kan velje fritt mellom dei ulike tilboda, eller dei kan be om spesialtilpassa opplegg. Mange klassar ber om opplegg som inneheld meir enn eitt tema.

I tillegg til skuleelevane hadde vi i 2006 besøk av 6 studentgrupper med til saman 71 studentar, mot 3 grupper med til saman 60 studentar i 2005. Desse blir registrerte som enkeltgjestar med studentrabatt, eller som grupper dersom dei er fleire enn 15. Studentgruppene bruker gjerne nokre av tilboda retta mot grunnskulen. Desse blir tilpassa studentane.

Utanom det som blir nemnt nedanfor, er skuleklassar gjennom året også med på kulturarrangement som er særskilt retta mot dei. Skuleelevane blir då registrerte som enkeltgjester på arrangement.

## 5.2 Den kulturelle skulesekken lokalt

Dei to siste skuleåra har Nynorsk kultursentrum samarbeidd med skulekontora i Ørsta og Volda om tre formidlingsopplegg knytte til den lokale delen av Den kulturelle skulesekken. Kommunane legg desse opplegga inn i planane for bruken av dei midlane som kjem inn under denne ordninga. Dei tre opplegga har involvert alle elevane på dei klassestega som har vore aktuelle, det vil seie om lag 250 elevar per opplegg per skuleår. Denne avtalen inneber dermed at om lag 750 lokale skuleelevar gjestar oss kvart skuleår.

Etter avtale med kommunane er dei tre skulesekkopplegga i Aasen-tunet spreidd på 3., 6. og 10. steget i grunnskulen. Alle opplegga varer om lag to klokketimar. Vi gjennomførte ei enkel evaluering mellom dei lærarane som har vore med på tilboda i skuleåret 2006/07, og så langt har vi berre fått positive tilbakemeldingar.

### 3. klasse: Bli kjend med Ivar Aasen

For nokre elevar er dette det første møtet med både Ivar Aasen og Aasen-tunet. Vi vil at dei gjennom dette tilbodet skal bli kjende med Aasen og arbeidet hans. Vi legg vekt på barndom og oppvekst her i Åsen. Gjennom levande forteljing gir vi dei eit inntrykk av tida han levde i, og vi prøver å forklare kvifor og korleis han gjorde det han gjorde. Opplegget har hatt stoppestader i tunet:

- Den unge Ivar Aasen i Åsen, vandring i tunet med historieforteljar Heidi Aarseth
- Den eldre Ivar Aasen i Kristiania, dramatisering ved Enok Kippersund
- Dokumentarfilm om Ivar Aasen, laga av Oddgeir Bruaset

### 6. klasse: Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn og arkitekturen i Aasen-tunet

I L97 var Sverre Fehn eitt av namna som 6.-klassingane skulle møte i kunst- og handverkfaget. I den nye læreplanen er namnet ikkje lenger utheva, men det er like aktuelt for målgruppa. Elevane på Sunnmøre er svært heldige som har ei bygning laga av han i nærområdet sitt! I dette opplegget får dei bli kjende med korleis ein arkitekt tenkjer, og dei får kan hende nokre idear om kva arkitektur kan ha å seie i eit miljø.

Elevane går først på skattejakt, leitande etter spor, former og fargar i huset. Med hjelp av bilete finn dei fram til mange godt gjennomtenkte, men likevel gøynde detaljar. Etterpå går vi gjennom skattane: Kva har elevane funne ut? Kvifor trur vi Sverre Fehn har gjort det på akkurat denne måten? Til slutt får elevane sjølve vere arkitektur. Med avisoppriss, saks og lim blir dei også, som Fehn, diktarar i landskapet. Alle lagar også, som Fehn, sin eigen heilt spesielle signatur.

### 10. klasse: Det undrande språket

Dette er eit elevprogram om språk og identitet som vi laga i samarbeid med Noreg 2005, og som vi har reist rundt på turné med sidan hausten 2004. Til no har 2126 elevar i fire fylke vore med på dette programmet.

Med oss har vi hatt ein kjend språkbrukar. Runar Gudnason frå Side Brok har vore med fleire gonger, men også forfattar Olaug Nilssen og teikneserieskapar Øystein

Runde har vore med. Elevane i Ørsta og Volda får programmet i Ivar Aasen-tunet.

**Tabell 1. Turnear med Det undrande språket 2006**

Dato	Skule	Kommune
20.3.	Kvinnherad vgs	Kvinnherad
21.3.	Stord vgs	Stord
22.3.	Knarvik vgs	Lindås
23.3.	Bergen katedralskule	Bergen
24.3.	Årstad vgs	Bergen
2.5.	Stordal skule	Stordal
2.5.	Sunnlyven skule	Stranda
3.5.	Stranda ungdomsskule	Stranda
4.5.	Hareid ungdomsskule	Hareid
5.5.	Hareid ungdomsskule	Hareid
15.5.	Myklebust skule	Vanylven
16.5.	Kolvikbakken ungdomsskule	Ålesund
18.5.	Kolvikbakken ungdomsskule	Ålesund
19.5.	Kolvikbakken ungdomsskule	Ålesund
3.10.	Hardbakke uungdomsskule	Solund
4.10.	Brekke skule	Gulen
5.10.	Byrknes skule	Gulen
6.10.	Eivindvik skule	Gulen
16.10.	Hyllestad skule	Hyllestad
17.10.	Høyanger skule	Høyanger
18.10.	Høyanger skule	Høyanger
19.10.	Høyanger skule	Høyanger
20.10.	Lavik skule	Høyanger
	Bjordal skule	Høyanger
30.10.	Sagatun skule	Balestrand
31.10.	Flatbygdi skule	Vik
1.11.	Flatbygdi skule	Vik
2.11.	Fresvik skule	Vik

I samtale med elevane diskuterer vi rare og flotte dialektord, språkendingar, knoting, språk og makt og språkleg vane. Kva betyr språket, både det munnlege og skriftlege, for oss? Kvifor gjer vi om på språket når vi flyttar? Korleis kan vi bruke språk og dialekt? Med i tilbodet er ei flott utstilling om ungdom og språk, der mellom andre kong Harald 5. og elevar frå ulike delar av landet kjem til orde. Programmet blir bygt opp rundt denne temautstillinga, og tanken er å skrive språkleg toleranse og identitet inn i timeplanen til elevane.

Vi ser at temaet er særleg viktig for å gi nynorskelevar sjølvtilitt før dei går over i vidaregåande skule – slik at færre byter til bokmål.

I 2006 vidareførte vi eit samarbeid med skulekontora i vertskommunane og transportselskapet Fjord1 Buss Møre. Ved dei tre skuleopplegga som ligg innanfor den lokale delen av Den kulturelle skulesekken har transportselskapet stått for skyss av alle elevane til og frå Aasen-tunet. Slik har reisekostnadene for skulane ikkje utgjort eit hinder, og alle skulane har hatt høve til å delta på desse tre skulesekktilboda.

### 5.3 Skulesekk-turnear

I 2006 var vi på tre skuleturnear med Det undrande språket.

Den første av desse var i regi av Kunnskapsløftet i Hordaland, og besøkte vidaregåande skular. Under denne turneen deltok forfattar Olaug Nilssen.

Den andre turneen var i regi av Kultursekken i Møre og Romsdal. Rapparen Runar Gudnason deltok.

Den tredje turneen var i regi av Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane, og gjekk over tre veker. Igjen var rapparen Runar Gudnason med.

1164 elevar og 99 lærarar i 15 kommunar fekk dette turnétilbodet i 2006, som vist i tabell 1.

### 5.4 Tunkatten Lurivar

Med tunkatten Lurivar har vi fått ein stolt og spenstig ambassadør for nynorsk barnelitteratur. Planane for og utforminga av katten blei konkretiserte i 2006. Monica Egeli frå Basta Illustrasjon og Design i Oslo vann i februar ein formgivingskonkurransse vi lyste ut hausten 2005. Vi har gjort avtale med henne om kjøp av vignettar og illustrasjonar til bruk på nettstaden og i andre samanhengar.

Tunkatten har alt fått sin eigen nettstad, [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no), utvikla med tilskot frå ABM-utvikling. Nettstaden blei opna 12.9. og inneheld mellom anna konkurransar, diktverkstad, lydbokbibliotek, forteljingar og intervju med kjende nynorskebrukarar. Til nettstadopninga kom Siv Bente Grongstad

frå ABM-utvikling, skuleklassar frå Ørsta og Volda og representantar for skule og kultur i vertskommunane. Pressedekninga var god, og seinare har svært mange gjesta nettstaden. I desember hadde til dømes tunkatten eigen adventskalenderkonkurranse på nettstaden sin med over 400 deltakarar.

Etter nettstadopninga fekk tunkatten namnet Lurivar i ein namnekonkurranse. Det var åtte år gamle Oliver Rafteseth Gjerdde frå Tjørvåg som foreslo det namnet. Vi fekk inn nærmare hundre ulike namneforslag, og i siste fase var borna sjølve med og valde namnet. Lurivar fekk klart flest røyster.

Til barne- og familiearrangement med Lurivar fekk vi prosjektstøtte frå Norsk Kulturråd. Hausten 2006 gjorde vi difor avtale med Kostymemakeriet AS i Oslo om ei katte-drakt som kan brukast når katten skal kome til live. Vi er svært nøgde med resultatet. Søndag 12.11. entra Lurivar for første gong scena i ein fullsett sal i Aasen-tunet. Der var han med i ei framsyning laga av Nina Elisabeth Bøe, basert på ein tekst av Maria Parr. Denne dagen var Karoline Isaksen tunkatt, og borna gledde seg over å få møte Lurivar og venninna Rakel.


Vi laga dette året tre ulike butikkvarer med utgangspunkt i tunkatten: postkort i to variantar, bokmerke og t-skjorte.

Hausten 2006 sette vi i gang arbeidet med å lage eit nytt elevretta tilbod i Den kulturelle skulesekken. Saman med ein formidlar, gjerne ein forfattar, skal Lurivar gjeste småskulesteget og fortelje om ny, nynorsk barnelitteratur. Dette samarbeider vi med Kultursekken i Møre og Romsdal og Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane om..

## 6. Arrangement

Den samla omsetninga for Dei Nynorske Festspela og kulturprogrammet auka med 17 % frå 1,448 millionar kr i 2005 til 1,689 millionar kr i 2006. Drifta gav eit underskot på 145 000 kr, mot 111 000 kr året før. Dei Nynorske Festspela kom ut med eit underskot på 199 000 kr, medan kulturprogrammet gjekk med 54 000 kr i overskot.

Vi gjennomførte fleire arrangement i 2006 enn noko år før, i alt 207 mot 195 i 2005. Ein større del av arrangementa var i eigen regi i høve til tidlegare år. I alt hadde vi 11 594 gjester på arrangement, mot 12 200 i 2005.



75 tilstellingar var utleigearrangement eller hadde eksterne arrangørar, mot 90 året før. Desse gav 4794 gjester, mot 6500 året før. På våre eigne arrangement auka gjestetallet med 16 % frå 5800 i 2005 til 6800 i 2006.

Vi var ein aktiv arrangør og samarbeidspartner andre stader i landet også i 2006. Nynorsk kultursentrum var til stades i tre gonger så mange kommunar i 2006 som i 2005. Vi gjennomførte 76 arrangement i heile 47 kommunar utanom vertskommunane. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

### 6.1 Dei Nynorske Festspela

Omsetninga for Dei Nynorske Festspela auka med 28 % frå 998 000 kr i 2005 til 1 279 000 kr i 2006. Kostnadene auka endå meir, med 35 % frå 1 094 000 kr i 2005 til 1 478 000 kr i 2006. Resultatet blei eit underskot på 199 000 kr i 2006, mot -96 000 kr året før.

Det samla gjestetallet var på 6250, om lag som i 2005, men vi selde noko færre billetter enn året før. Vi selde om lag 50 festspelpass i 2006. Sjølv om vi her har mykje å gå på, er det tydeleg at fleire ønskjer å vere på Festspela alle dagane, og at dei ser nytten av å kjøpe festspelpass som sikrar dei gratis tilgjenge til alle dei gode opplevingane.

I 2005 reduserte vi honorarkostnadene til utøvarar mykje. I 2006 var desse kostnadene på 369 000 kr mot om lag 220 000 kr i 2005.

Mykje av denne auken skriv seg frå ein stor utekonsert under Dei Nynorske Festspela. Med 950 tilhøyrarar er konserten med Vamp jonsokaftan det største arrangementet vi har gjennomført til no.

I 2006 la vi Dei Nynorske Festspela til jonsokhelga. Mange sa då frå om at dei gjerne ville vere her, men ikkje kunne då, både av di ferien deira ikkje hadde teke til og det kolliderte med skuleslutt mange stader. Difor vedtok vi seinsommaren 2006 å flytte arrangementet ei veke inn i ferien frå og med 2007.

Festspela blei også i 2006 ein kunstnarleg suksess med 44 arrangement som jamt over heldt høg standard. Festspeldiktaren Olaug Nilssen var med og prega festspeldagane. Ho tok aktivt del på ti arrangement og førte festspeldiktaren inn på nye arenaer då ho leidde eit bloggekurs og tok del i eit platekåseri der mora hennar avslutta programmet med voggesong.

Temaet ”Målet for alle” synleggjorde at Noregs Mållag gjorde Dei Nynorske Festspela 2006 til eitt av hovudarrangementa i hundreårsjubileet sitt. Dette styrkte festspeløkonomien, vi fekk fleire gjester frå mållag vide ikring enn før om åra, og publikum tok godt imot programtilbodet deira. Laurdag føremiddag samla 450 gjester seg til stor mållagsfest i Volda sentrum. Dagen opna med festspelfrukost i både Volda og Ørsta, i godt samarbeid med handelsstanden i begge bygdebyane.

I 2006 utvikla vi vidare det litterære særpreget for Festspela og stilte bl.a. spørsmålet om kva som skjer i det litterære miljøet i Bergen der festspeldiktaren har vore ein viktig aktør. Publikum kunne vere med ”Jakob Sande til sjøs” på ferjetur, ikkje frå Sunnfjord til Rio, men frå Ørsta til Volda. Dette var eitt av i alt tre arrangement der publikum fekk møte Jakob Sande sine litterære verk. På ferja gav Ove Eide gløtt inn i biografien om Jakob Sande som ha gav ut hausten 2006. Desse arrangementa var vår måte å markere hundreårsjubileet for dikteren på. –Aldri har eg sete så vondt og hatt det så godt, sa ein av gjestene etter ferjeturen.

Dei Nynorske Festspela hadde også mange musikalske høgdepunkt. Nordic Tenors skapte stor stemning på opningskonserten i ein sprengfull sal i Aasen-tunet med sine musikalske krumspring og flotte stemmer. Karl Seglem og hans utsøkte musikarar framførte tingingsverket ”Ny rørsle” til stor begeistring frå publikum og presse torsdag kveld på Møre folkehøgskule. For første gong la vi fleire arrangement til folkehøgskulen, som er blitt ein god samarbeidspartnar for oss. MålBar var ny av året. Denne nykomlingen blei ein god møteplass for festspelpublikum, frivillige og utøvarar.

På familiekonserten med Vamp sette vi ny publikumsrekord med 950 personar innanfor portane på Volda Bygdetun jonsokaftan. Til all lukke var det opplett og stor publikumstilstrøyming, og det var plass til endå fleire! Gjetordet går om konserten, og særleg var det mange som sette pris på eit slikt alkoholfritt arrangement.

Det tradisjonsrike Aasen-stemnet spelar framleis ei viktig rolle i programmet, og i 2006 sette Gabriel Fliflet og Ole Hamre søndag ettermiddag punktum for dei femtande festspela med eit utropsteikn av ein konsert.

Dei Nynorske Festspela er etablerte som ei merkevare både publikum, utøvarar og presse kjenner tillit til. Festspela står støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement, men her er det framleis mykje å gjere, særleg nasjonalt. Arrangementet er viktig for verksemda vår både ut frå omsetning i kafé og butikk, merksemd i pressa og samla gjestetal. Vi har i fleire år vore avhengige av vesentleg større basistilskot for å kunne utvikle denne festivalen trygt vidare, og for å spreie betre den risikoen eit slikt arrangement ber i seg. Mykje av risikoen ligg framleis på oss, og vi er diverre for avhengige av billettinntektene. Det har difor vore svært nødvendig å auke dei sikre inntektene, og begge vertskommunane tok eit første steg i rett lei i 2005, med verknad frå 2006.

Arrangementet blei gjennomført med stor innsats frå vel 40 frivillige. Dei Nynorske Festspela er avhengige av innsatsen frå dei frivillige. I 2006 hadde vi diverre halvparten så mange frivillige som året før.



Vi har mange samarbeidspartnarar som vi set umåteleg stor pris på. Samarbeidet med Nynorsk mediesenter om eit arrangement blei konkretisert i 2006 med aktuell debatt om det å vere nynorskbrukar i massemedia. Samstundes delte institusjonen for første gong ut Regjeringa sin pris for nynorskjournalistikk.

Komplett program for Dei Nynorske Festspela 2006 ligg ved.

## 6.2 Kulturprogram vår og haust

Omsetninga for vårt eige kulturprogram fall med 9 % frå 450 000 kr i 2005 til 410 000 kr i 2006. Drifta gav eit overskot på 54 000 kr, mot eit underskot på 15 000 kr året før. Arrangementa samla 5512 gjester, mot 5900 året før.

I 2006 inneheldt kulturprogrammet 54 arrangement, utstillingar ikkje medrekna. Dette var like mange som i 2005. Fordelinga av arrangement i Ivar Aasen-tunet og andre stader var nokolunde den same som året før, med nokre fleire i tunet enn i 2005.

Vårprogrammet blei gjennomført frå 16. januar til 4. juni, haustprogrammet frå 5. august til 3. desember. Det som i 2004 var tenkt som eit eingongstilfelle med lengre sesongar, blei linja både i 2005 og 2006. I vårsesongen la vi såleis eit promoarrangement for Dei Nynorske Festspela til Vårsøghelga i Surnadal. Slikt samarbeid om arrangement på andre festivalar vonar vi kan auke interessa for Dei Nynorske Festspela.

Kulturprogrammet både vår og haust var prega av dei mange biletkåseria basert på boka *Viljen til språk*, og som dermed sette oss i kontakt med mange nye miljø.

I haustsesongen valde vi som året før å satse på ei juleavslutning for born første søndagen i desember. Vi hadde også fleire andre vellykka arrangement for småbarnsfamiliar, og særleg tunkatten Lurivar blei teken godt imot, jf. kapittel 10.4.

Vi hadde berre to konsertar på haustprogrammet. Den første, "La Luna Asomånen tittar fram" hadde fortent eit større publikum. Endå ein gong viste det seg at strålende fint ver, som denne søndagen i september, verkar like negativt inn på gjestetallet som skikkeleg ruskever. Få veker etter

fekk publikum ein magisk konsert på studenthuset Rokken i Volda i samarbeid med Jazzklubben Volda Ørsta. På programmet stod tekstar av Olav H. Hauge til musikk av Edvard Askeland, framført av skodespelaren Hildegun Riise med musikkarar.

Boknatta arrangerte vi i 2006 for sjuande gongen. Denne gongen satsa vi stort med heile seks forfattarar i aksjon på scena – både etablerte og debutantar. Gjestetala for dette arrangementet kryp oppover år for år, og denne gongen kom tilhøyrarar køyrande heilt frå Ålesund og Vatne. To av forfattarane gjesta Volda ungdomsskule dagen etter. Eit slikt samarbeid går rett inn i storsatsinga vår på formidling av nyare nynorsk litteratur til barn og unge i tida framover.


Tre konsertar i mai og juni blei særmerkte. Volda Vokal samarbeidde med Kenneth Sivertsen om to konsertar 21.5. Den 16.6. heldt Magnar Åm og Kenneth Sivertsen eigen konsert. Det blei diverre Kenneth Sivertsens siste møte med publikum.

Komplett kulturprogram ligg ved.

## 7. Kafé og butikk

Etter minkande samla omsetning i kafeen og butikken dei to førre åra auka omsetninga att med heile 29 % frå 869 000 kr i 2005 til 1 118 000 kr i 2006. Internomsetninga utgjorde 14 % av dette, eller 157 000 kr. Drifta gav eit overskot på 21 000 kr mot 54 000 kr året før.

Omsetning butikk og kafé 2000-2006  
1000 2006-kr



Kvar gjest la i 2006 att 65 kr i kafé og butikk, mot 52 kr i 2005. Dette er høge tal i museumsbansjen.



Kafeen og butikken er framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet, og for eigeninntektene til institusjonen.

### 7.1 Kafé og utleige

Omsetninga i *kafeen* auka med 18 % frå 448 000 kr i 2005 til 549 000 kr i 2006. Av dette utgjorde internomsetninga 87 000 kr, eller 15 %. Drifta resulterte i eit underskot på 12 000 kr, mot eit underskot på 55 000 kr året før.

Kvar gjest la att 32 kr i kafeen, mot 27 kr året før.

Kostnadsfaktoren viser kor mange prosent varekjøp utgjorde av omsetninga. Denne faktoren har vi greidd å halde låg i mange år. I 2006 blei kostnadsfaktoren 37 %, mot 36 % året før. Omsetninga var derimot for låg i høve til lønskostnadene, og marknadsprisnivået i regionen gjorde det vanskeleg å ta dei prisane vi burde ha.

Programansvarleg og kjøkkenleiar samarbeidde også i 2006 tett om kafétilbod ved kulturarrangementa. Dette gir viktige inntekter, ikkje minst dei fem festspeldagane. Medrekna internomsetninga omsette kafeen då for 128 000 kr i 2006, mot 138 000 kr året før.

Omsetninga var på 2005-nivå i sommarsesongen, men auka i fleire av månadene både vår og haust. Gjестene fordelte seg etter årstidene som i 2005. Det vil seie at ein del av vår- og haustgjестene la att meir i kafeen enn året før.

2006 var andre året utan fast avløyser for kjøkkenleiar i sommarsesongen. Som i 2005 handterte sommarvikarane sjølv ein enkel meny. Dette reduserte personalkostnadene, og det ser ut til at tilbodet var tilfredsstillande både for kundar og tilsette.

Kafeen er framleis ein viktig del av det samla publikumstilbodet vårt og skal framleis alltid ha eit mattilbod når Ivar Aasentunet er ope. Tilbodet skal vere merkt av høg kvalitet på maten, gode råvarer, minst mogleg halvfabrikata og ein varierande meny. I staden for middag tilbyd vi no smakfulle smårettar, i tillegg til kaker, kjeks, kaffi og te.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og ein meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

For første gong vedtok styret i 2006 ein langtidsplan for kafeen. Dette blir ein nyttig reiskap for den vidare utviklinga.

*Utleige* er blitt ein viktig del både av drifta og den allmenne marknadsføringa av institusjonen.

Talet på utleigearrangement gjekk ned frå 80 i 2005 til 70 i 2006. Vi hadde også færre gjester frå slike utleigearrangement; talet gjekk frå 6500 i 2005 til 4800 i 2006. Vi har framleis ein del trufaste kundar som leiger salen til kurs, møte, framsyningar og liknande. Dei fleste nyttar tilbodet i kafeen i slike høve, og dette har mykje å seie for omsetninga.

Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt i 2006. Kafeen blei også i dette året brukt i høve konfirmasjonar og årsdagar. I 2006 hadde vi dessutan den første barnedåpsmiddagen i kafeen.

Prisnivået for utleigetjenester vurderer vi årleg. I andre halvår kartla vi prisnivået hos ein del konkurrentar i nærmiljøet. Dette syn-te at vi ligg noko høgt med utleigeprisane våre. I staden for å auke desse prisane i 2007, satsar vi difor på å utarbeide differensierte arrangementspakkar, der lokale går ned når mat er ein viktig del av pakken.

Utleigebrosjyren frå 2005 brukte vi også i 2005, men effekten har vore vanskeleg å måle. Oppfølging via telefon gav oss eit nyttig arkiv med e-postadresser. Det ser ut til at dette er den marknadsføringskanalen dei fleste utleigekundane føretrekkjer.

Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen fungerer svært bra som møte-, kurs- og konferanselokale. Potensialet er her enno ikkje teke ut.

### 7.2 Butikk

Butikken auka omsetninga kraftig i 2006 og blei for første gong større enn kafeen. Omsetninga auka med 45 % frå 392 000 kr i

2005 til 569 000 kr i 2006. Av dette utgjorde internomsetninga 70 000 kr, eller 12 %. Drifta gav eit resultat på 33 000 kr, mot 109 000 kr året før.

Kvar gjest la att 33 kr i butikken, mot 24 kr i 2005.

I butikken blei kostnadsfaktoren vesentleg lågare dette året, 74 % i 2006 mot 95 % året før. For butikken har vi valt ein profil med ein del dyrare kvalitetsprodukt. Dette gjer det vanskeleg å setje utsalsprisane høgt nok. I tillegg har vi for mange hyllevarmarar, særleg i bokhyllene, som no blir bytte ut med andre varer.

Sjølv om vi satsar meir på nettbutikk etter kvart, var sesongvariasjonane store og i pakt med svingande gjestetal. Lanseringa av *Viljen til språk* gav særleg godt boksalt i februar. Omsetninga i juni og juli var 70 000 kr høgare enn i 2005. Medrekna internomsetning gav festspeldagane ei omsetning i butikken på 76 000 kr, mot 63 000 kr året før. Også ”julebutikken” i desember gav ein fin auke.

Ein viktig grunn til at både omsetning og kostnader auka, er at vi kjøpte eit delopplag av *Viljen til språk*. I butikk og på forfattarens kåserikvelder selde vi om lag 350 eksemplar. Det samla boksalet kom opp i 275 000 kr og utgjorde 50 % av omsetninga, som i 2005.

Salet av *Dialektspelet*, utgitt i 2002, har som venta gått ned med åra, men sjølv i 2006 selde vi for 20 000 kr. Opplaget er snart utselt.

Salet av andre varer auka frå 163 000 kr i 2005 til 246 000 i 2006, og salet av varer i kommisjon dobla seg til 40 000 kr i 2006. Keramikken til Rolf Vatn med Aasen-skrift og glassmykka til Anne Øien har altså selt svært godt.

Butikken prøver å føre eit breitt utval av nynorsk litteratur, særleg bøker av og om Ivar Aasen, om nynorsk språk- og kulturhistorie, nynorske barnebøker og bøker av forfattarar som er med i kulturprogram og festspelprogram. Ivar Aasens *Ordtak i utval* er framleis ein listetopp. Vi fører no fleire lydboktitlar på nynorsk enn før, særleg for born, men tilbodet frå utgivarane er diverre altfor lite.

Med godt resultat utvikla butikken også i 2006 nye, eigne varer. Festspelkrus med ori-

ginaltekst av Olaug Nilssen selde godt, saman med krusa frå tidlegare år, no også som pakke med spesialemballasje. Salet av naturprodukt frå Tre Damer – drops, sleikar, såper og badesalt – har også halde seg bra.

For å forbetre eksponeringa av varer tok vi i bruk ei ny cd-hylle som hadde god effekt. Eksponeringa i resten av butikken står for tur.

Nettbutikken blei utvikla noko meir i 2006. Vi la ut fleire varer for sal, og salet er aukande.

Marknadsføringa var konsentrert om annonsering. Effekten kan vere vanskeleg å måle, men det ser ut til at annonsar i lokale media verkar betre enn i nasjonale.

## 8. [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

2006 var året for dei store endringane på nettstaden.

Den 10.5. lanserte vi ei ny utgåve av [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no), med ny formgiving og endra struktur. Saman med ei ny publiseringsløyising har dette opna for meir fleksibel utvikling av nettstaden. Formgivarane Aina Griffin og Astrid Loraas gav nettstaden ny nettbunad, medan Avento står for dei tekniske løysingane.

Den 12.9. lanserte vi [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no), ein aktiviserande nettstad for born med spel, forteljingar, lydbøker, intervju og andre aktivitetar. Denne tenesta har tydeleg endra bruksmønsteret på nettstaden, der mange fleire born og unge gjestar nettstaden enn før.


### **8.1 Besøk og bruk**

I 2006 hadde nettstaden 488 000 gjester, mot 605 000 året før. Nedgangen kjem av at vi tok i bruk nytt statistikkverktøy som betre å filtrerer vekk søkemotorane sine robotar; desse representerer ikkje reelt nettbesøk. Frå 245 000 sidevisingar i 2003 gjekk vi til 986 000 sidevisingar i 2006.

Ved utgangen av 2006 var om lag 2850 tekstdokument tilgjengelege på nettstaden. Det var 400 fleire enn eitt år tidlegare.

Statistikken viser at dei fleste brukarane kjem inn på nettstaden direkte, gjennom adressene [aasentunet.no](http://aasentunet.no) og [tunkatten.no](http://tunkatten.no).

Dette er ei endring frå tidlegare då det var meir vanleg å kome inn gjennom søkemotorar som til dømes Google og Kvasir. Fram til tunkatten fekk sin nettstad, var det fagstoffet i Nettbiblioteket, dvs. stoff om Ivar Aasen og andre nynorskforfattarar, som blei mest brukt. Det kan tyde på at mange studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) som dei ikkje finn andre stader. Frå hausten av har aktivitetane på tunkattsidene vore dei mest populære.



Statistikken for første halvår viser at kvar nettgjest gjennomsnittleg ser på færre enn to sider på nettstaden. Etter at vi skifta statistikkverktøy, har dette talet endra seg. For dei siste fire månadane ligg snittet på om lag fire sider pr. nettgjest.

Nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) blei opna 26.4.2000, to månader før den offisielle opninga av Ivar Aasen-tunet. År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av målet om at dette skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi tek også mål av oss til at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader.

Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over [www.garborgnett](http://www.garborgnett.no) frå Stiftinga Garborg-året 2001. Denne nettstaden er utvikla spesielt med tanke på tilbod og aktivitetar i skulen.

Vinteren 2006 avdekte vi at forfattarane av boka *Typiske norske* hadde brukt originalstoff frå [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) utan å oppgi kjelde. Dinamo Forlag og Nynorsk kultursentrum offentleggjorde eit forlik i saka 9.5. der forlaget sa seg lei for det som var gjort og dekte kostnadene våre i saka.

## 8.2 Nettbiblioteket

I 2006 publiserte vi 73 nye tekstar i Nettbiblioteket av 16 nye forfattarar, mot 7 tekstar i 2005. Av dei nye tekstane var 51 målpolitiske tekstar frå 1646 til 1984, publiserte i høve hundreårsjubileet til Noregs Mållag. Ved utgangen av året inneheldt Nettbiblioteket 1016 tekstar av 140 forfattarar. Til dette kjem *Skriftir i Samling I-VII* av Arne Garborg, og ei mengd bøker og tekstar av Ivar Aasen.

Av Ivar Aasen ligg det meste frå hans hand tilgjengeleg. Rekna som enkeltdokument har vi over 600 tekstar av Ivar Aasen i digital form. Til no har vi publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og verk, som alle er skrivne før 1922 eller etter 2001.

*Nettbiblioteket* blei opna i 2001. Dette er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk. Til no har vi bygt opp biblioteket ved at vi har gått over gjerdet der det har vore lågast, til dømes med dugnadsprosjekt, og der det har vore midlar å hente til publisering, til dømes frå samarbeidsprosjekt med Noreg 2005. Vi har også konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døydde før utgangen av 1936. Langt dei fleste tekstane skriv seg frå før 1920. Nettbiblioteket inneheld difor både sentrale og kuriøse tekstar frå den nynorske kulturhistoria. Det kuriøse ligg særleg i utvalet av forfattarar, som til no har vore nokså vilkårleg.

## 9. Informasjon

Vi satsa meir på marknadsføring og informasjon i 2006 enn før. Salskostnadene auka med heile 30 % frå 541 000 kr i 2005 til 704 000 kr i 2006, og utgjorde med det 6,7 % av samla kostnader, mot 5,6 året før.

Administrasjonen har også i 2006 praktisert open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som har kome. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss. På eige initiativ praktiserer vi frå og med 2004 offentleglova så langt den høver, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal.

Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

### 9.1 Presse og kringkasting

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar i samband med alle arrangement. Det blir også sendt ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagar- tiklar til dagspresse og tidsskrift. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut om lag 100 pressemeldingar i 2006 mot 80 året før. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstaden.

I samband med lanseringane av kulturprogramma var programansvarleg og informasjonsleiar på besøk hos utvalde redaksjo- nar. Festspeleprogrammet blei lansert med eigen pressekonferanse i Aasen-tunet og i Bergen, på same dag og til same tid.

Lanseringa av boka *Viljen til språk* gav mykje medieomtale i riksmedia og lokale media rundt om. Det same gjorde kåringa av Kari Traa som Årets nynorskbrukar 2006. Vinnarane i salmekonkurransen "Nye feir- ingssalmar" kunngjorde vi på ein pressekonferanse med konsert på Det Norske Teatret i Oslo 2.11. Vinnarane fekk stor merksemd både gjennom Dagsrevyen, NRK Møre og Romsdal og NRK Rogaland, i tillegg til riks- aviser, regionale og lokale aviser.

Radioprogrammet "Museum" i NRK P2 hadde sending frå Ivar Aasen-tunet søndag 18.6. "Radio Røynda" frå NRK P1 er blitt eit journalistisk kultfenomen. I ein tv-versjon på tre program hausten 2006 spelte Ivar Aasen-tunet ei kort, men sentral rolle.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK skifta vi hausten 2006 leverandør av medie- klippteneste frå iFokus til Retriever.

### 9.2 Trykksaker

I 2006 gav vi ut to nummer av meldingsbla- det *Symra*. Dei kom i januar og september med eit opplag på om lag 10 000 kvar, og inneheldt smånotisar og oversyn over kul- turprogrammet. Som før om åra blei bladet distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Ørsta og Volda.

Dei Nynorske Festspelela hadde i 2006 same grafiske profilen på alle trykksakene. elleMelle var formgivar for både plakat, pro-

gramavis, brusetikettar, annonsemalar og festspelebanner. Festspelediktaren Olaug Nils- sen var sentral på både plakat og i program- profilering. Vi laga også t-skjorter med fest- spelmotiv.

Festspelelvisa var som tidlegare år ei ei- genprodusert avis i tabloidformat, 28 sider i fire fargar. Avis blei trykt i 41 000 eksemp- lar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten torsdag 1.6., dessutan etter våre egne adresselister.

Det blei også sendt ut ein eigen program- faldar til alle husstandane i Volda og Ørsta.

Festspeleplakaten blei trykt i 700 eksemp- lar og send til mellom andre bibliotek, kul- turhus og rådhus i utvalde kommunar.

I 2006 blei det også produsert ein eigen plakat for å marknadsføre utstillinga om sommaren. Denne blei trykt i 250 eksemplar og distribuert til utvalde nynorskkommunar, turistinformasjonar og fleire stader lokalt.

### 9.3 Annonsering

Alle kulturarrangement blei annonserte i lokalavisene i Ørsta og Volda, i fleire annon- sar i Sunnmørsposten, einskilde andre lokal- aviser på Sunnmøre og i Dag og Tid.

For Dei Nynorske Festspelela brukte vi i 2006 litt mindre riksannonsering enn året før, og tilsvarande meir lokal annonsering. Heile programoversynet blei mellom anna publisert i Sunnmørsposten.

Vi var også i 2006 med i Ørsta Reiseliv- slag si marknadsføring av regionen og hadde både redaksjonell omtale og egne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kultureisemål.

### 9.4 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Desti- nasjon Ålesund og Sunnmøre har vi mellom anna vore med i reisemålskatalogar frå FjordNorge, i tillegg til at Ivar Aasen-tunet er nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

Saman med andre reiselivsbedrifter i Ørs- ta og Volda var vi med på ei lokal yrkesmes- se for tiandeklassingar i januar. Vi marknads- førte dessutan Dei Nynorske Festspelela un-


der landsmøtet til Noregs Mållag i Oslo i april.

## 10. Gjester

Nynorsk kultursentrum hadde 17 068 gjester i 2006 mot 16 379 i 2005. Til og med 2004 hadde gjestetallet vore svært stabilt frå år til år. Frå og med 2005 la vi om til eit større satsing på nettstaden, vel vitande om at det kunne redusere talet på vanlege gjester. Det er svært viktig for oss å vere tilgjengelege og til nytte for publikum langt utanfor nærområdet, og då er nettstadsatsinga eit viktig grep.

5500 gjesta utstillingane, medan 11 500 var til stades ved arrangement. Arrangementa har dei fleste åra hatt ein aukande del av gjestene. I 2006 utgjorde utstillingsgjestene 31 % av alle gjester, mot 23 % i 2005 og 22 % i 2003.

Frå og med opningssesongen 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 127 319 gjester.



### 10.1 Gjesteprofil

ABM-utvikling publiserte museumsstatistikk for 2005 i desember 2006. Denne inneheld ingen informasjon om nettstadbruk, men mykje informasjon om vanlege gjester.

11 museumseiningar i Møre og Romsdal rapporterte i 2005 om eit samla besøk på 286 000. Av desse var 59 % betalande. Nynorsk kultursentrum stod for 5,7 % av det samla gjestetallet ved musea i fylket, mot 7,5 % i 2004. Vi hadde også i 2005 høvesvis fleire betalande gjester enn det som er vanleg ved norske museum. Gruppegjester utgjorde ein mykje lågare prosentdel enn gjennom-

snittet i både fylke og for heile landet. Vaksne gjester stod for ein om lag like stor del av samla gjestetallet som ved andre museum. Ein mindre del av gjestene våre fekk eit pedagogisk tilbod enn det som er vanleg.

I 2005 registrerte ABM-utvikling for første gong nettgjester. Tala syner at kvar 25. nettgjest som brukte nettenester frå norske museum, gjesta [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no).

2287 av gjestene i 2006 deltok på 83 bestilte omvisingar knytte til ulike tema. Av desse var 47 vaksne grupper, medan 36 grupper var skuleklassar og studentgrupper. Året før hadde vi 1800 slike gjester på 77 bestilte omvisingar. I sommarsesongen fekk gjestene tilbod om omvising i tunet kvar heile time.

**Tabell 2. Gjesteprofil etter aktivitet og år 2004-2006**  
Prosent

	2004	2005	2006
Kulturprogram	29	18	19
Festspela	32	38	37
Utleige	18	21	14
Utstillingar	22	23	31
<b>Sum</b>	<b>101</b>	<b>99</b>	<b>99</b>

Tabell 2 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at svingingane er store frå år til år. Dei Nynorske Festspela er med åra blitt viktigare for det samla gjestetallet, og i 2006 blei utstillingsgjestene ein større del av alle gjestene våre.

Tabell 3 syner ei jamnare fordeling mellom sesongane enn det som er vanleg ved slike institusjonar. Etter opningssesongen 2000 er det likevel ein tydeleg tendens til at sommarsesongen blir jamt viktigare. Fordelinga mellom sesongane gjer det framleis mogleg å utnytte ressursane optimalt og at arbeidspresset er ganske jamt året gjennom.

**Tabell 3. Gjester etter sesong 2000-2006.** Prosent

	Vår	Sommar	Haust
2000		66	34
2001	31	41	28
2002	24	45	31
2003	17	51	20
2004	23	50	27
2005	26	52	22
2006	26	52	22

## 10.2 Opningstider

Opningstidene har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei Nynorske Festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

16. august – 14. juni

Måndag–fredag 10–16, søndag 12–17

15. juni – 15. august

Måndag–fredag 10–17, laurdag og søndag 12–17

## 10.3 Billettprisar

Den prismodellen som blei utvikla for opningssesongen, blei ført vidare i 2006. Prisane for enkeltbillett vaksen og familiebillett blei auka noko frå 2.1.2006. Kroneprisane var desse:

- Vaksne 70,00
- Barn (6–16), honnør, student 35,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 35,00 pr person
- Skuleklassar 20,00 pr person
- Barnehagar 10,00 pr person
- Utstillingar i Galleriet 30,00
- NAF-medlemmer ("Show your card") 35,00
- Tillegg for billett utanom opningstid 25,00

Under Festspela hadde gjester med billett til arrangement fritt tilgjenge til utstillingane same dagen.

Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar, men at publikum skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover, samstundes som tilbodet også skal romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 20 til 250 kr. Dei mest brukte billettprisane var 80 og 100.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1000 kr som gav tilgjenge til alle arrangement. I enkelte høve var det også

mogleg å kjøpe fellesbillett for fleire arrangement.

Nynorsk kultursentrum automatiserte i 2005 billettsystemet for både arrangement og utstillingar. Gjennom iTicket kunne publikum kjøpe billett til alle arrangement også på Internett, via vår eigen nettstad eller [www.billettluke.no](http://www.billettluke.no). I 2006 selde vi billett for 62 000 kr på denne måten. Dette utgjorde 14 % av det samla billettsalet til arrangement og festspel.

## 11. Økonomi


Inntektene auka med 782 000 kr eller 8 %, frå 9,842 millionar kr i 2005 til 10,624 millionar kr i 2006. Også driftskostnadene auka med 8 %, frå 9,732 millionar kr i 2005 til 10,526 millionar kr i 2006. Nynorsk kultursentrum har aldri hatt så høg omsetning før.

### 11.1 Investeringar og drift

Etter ein sterk inntektsauke i mange år som flata ut i 2005 heldt altså auken i *inntekter* fram i 2006.

Eigeninntektene våre er alle inntekter utanfor ordinært driftstilskot frå staten. Desse auka med heile 21 % i 2006, frå 2,6 millionar kr i 2005 til nær 3,2 millionar kr i 2006. Så store eigeninntekter har vi aldri hatt før. Eigeninntektene utgjorde 30 % i 2006, mot 25 % i 2005. Eigeninntektene for nasjonale museumsinstitusjonar varierer mykje. Sett under eitt utgjorde desse 55 % av dei samla inntektene i 2005.

Inntektsprofil 2000-2006. Prosent



Etter reduserte billettinntekter dei to første åra auka billettinntektene i 2006 med heile 64 % i 2006, frå 450 000 kr i 2005 til

740 000 kr i 2006. Dei Nynorske Festspela sette salsrekord, og turneane med Den kulturelle skulesekken gav solid utteljing.

Omsetninga over kassa enda på 1,6 mill. kr mot 1,4 mill kr i 2005. Tabell 4 syner korleis denne omsetninga fordeler seg på dei ulike driftsområda. Billettsal, kafé og butikk utgjorde i 2006 tre nesten like store inntekts-einingar.

**Tabell 4. Kassaomsetning etter driftsområde 2004–2006** Prosent

	2004	2005	2006
Billetter utstilling	9	10	8
Billetter arrangement	31	24	22
Butikk	21	29	34
Kafé og utleige	40	37	36
<b>I alt</b>	<b>101</b>	<b>100</b>	<b>100</b>

Omsetninga pr. gjest auka frå 80 kr i 2005 til 91 kr i 2006. Det ligg ikkje føre offisiell statistikk som gir samanlikningsgrunnlag, men vi veit dette er høge tal i bransjen.

Etter at *kostnadene* blei reduserte både i 2004 og 2005, auka desse i 2006 med heile 794 000 kr i 2006.

Lønskostnadene utgjorde i 2006 berre 48 %, mot 55 % i 2005 og 53 % i 2004. Like sidan opninga i 2000 har vi lagt stor vekt på at denne prosentdelen bør liggje godt under 60 %, slik at handlefridomen og fleksibiliteten i drifta er der. Kombinasjonen av lågare lønskostnadsdel og stor aktivitet dokumenterer at arbeidspresset var høgt i 2006.

2006 var eit år med vekst på mange område, og høgare kostnader for fire av dei seks rekneskapsavdelingane – Festspel, Utstillingar, Kafé og Butikk. Berre Drift og Arrangement reduserte kostnadene frå 2005. Planlagt og nødvendig vedlikehald blei i hovudsak gjennomført, men nokre planlagde endringar i basisutstillinga blei utsette til 2006.

Varelageret hadde ved utgangen av året ein verdi på 307 000 kr, mot 270 000 kr eitt år tidlegare. Vi unngår å byggje opp fiktive verdier i varelageret. I 2006 reduserte vi såleis verdien med 33 000 kr for ukurans. Den same reduksjonen var på 27 000 kr i 2005.

## 11.2 Prosjekttilskot

Nynorsk kultursentrum hadde også i 2006 høge inntekter frå prosjekttilskot – til saman 595 000 kr, mot 653 000 kr i 2005. Dei viktigaste var desse:

- Norsk kulturråd: 190 000 kr til forprosjekt Jon Fosse-arkivet, 30 000 kr til konkurransen Nye feiringssalmar, 40 000 kr til vandreutstillinga *Viljen til språk*
- ABM-utvikling: 100 000 kr til nettstaden [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no)
- Møre og Romsdal fylke: 75 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Noregs Mållag: 54 000 kr til Dei Nynorske Festspela og vandreutstillinga *Viljen til språk*
- Volda kommune: 50 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Ørsta kommune: 50 000 kr til Dei Nynorske Festspela

Særleg gledeleg var det at vertskommunane og fylket i 2006 auka tilskota sine til Dei Nynorske Festspela. Nynorsk kultursentrum takkar alle tilskotsgivarane!

## 11.3 Samarbeidsavtalar

Inntektene frå samarbeidsavtalar blei desimerte i 2006, frå 436 000 kr i 2004 og 343 000 kr i 2005 til 157 000 kr i 2006. Dette året hadde Nynorsk kultursentrum avtalar med tre hovudsponsorar: Sparebanken Volda Ørsta, Sunnmørsposten, Tussa Kraft.

Dei Nynorske Festspela hadde i tillegg desse økonomiske samarbeidspartnarane: Bama, Brønne Mineralvatn, Det Norske Samlaget, Felleskjøpet Øst/Vest, Fjord1, Forlaget Skald, Friele, Gilde, Giørtz, Hansa-Borg, Møre folkehøgskule, Nynorsk mediasenter, Ole Ringdal AS, Tine, Volda elektriske mylne, Westres Bakeri.

Brønne Mineralvatn laga også i 2006 eigen festspelbus.

Nynorsk kultursentrum takkar samarbeidspartnarane!

## 11.4 Samfunnsrekneskap

Nynorsk kultursentrum skapte verdier for mange i 2006:

- 1 135 000 kr i skattetrekk og 623 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 1 758 000

kr, mot 1,9 millionar kr i 2005. Dette utgjorde 17 % av samla kostnader i 2006.

- 4,7 mill kr i bruttoløn, mot 4,9 mill kr året før. Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt løn til personar bu-sette i om lag 90 kommunar over heile landet.
- 419 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei Nynorske Festspela, mot 468 000 kr i 2005.

Ved dei 11 museumseiningane i Møre og Romsdal som rapporterte for 2005, blei det utført til saman 95 lønte årsverk. Nynorsk kultursentrum stod for 12 % av desse.

Som vi dokumenterte i *Årsmelding og rekneskap 2005*, er den kulturøkonomiske verdien av institusjonar som vår stor.

## 12. Politiske perspektiv

Det viktigaste språkpolitiske initiativet i 2006 var fellesdokumentet *Politikk for nynorsk* som Nynorsk Forum la fram i september, og som var eit innspel til arbeidet med den stortingsmeldinga om språk som regjeringa Stoltenberg legg fram i 2007..

### **12.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon**

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Vi har 20 stiftarar i ryggen. Blant desse er fire av dei seks universiteta, alle dei viktige nynorskinstitusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate.

Kvalitet skal vere eit særmerke for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi ønskjer å knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege

hovudoppgåvene fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader, for å gjere den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfeltene våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot stiller Nynorsk kultursentrum sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

Ivar Aasen-tunet som opplevingscenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé. I verksemda vår er det likevel ikkje eit skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving. Innhaldet i publikumstilbodet kan ikkje berre målast i publikumstal. Det er også viktig at arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk er av høg kvalitet. Mange av arrangementa våre hadde ikkje blitt til om ikkje vi hadde skipa dei til, og det kunstnarlege nivået på tilskippingane er jamt over høgt. Vi legg vekt på å skipe til både arrangement og utstillingar som har gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonscenter har to hovudoppgåver: Ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Nettstaden vil ha svært



mykje å seie for rolla til Nynorsk kultursentrum som nasjonal dokumentasjonsinstitusjon. Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkeltekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksemd

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrum legg sterk vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

## 12.2 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2006 gikk prisen til *Kari Traa, Voss/Oslo*, for hennar bruk av nynorsk i ei næringsverksemd som både via nettstaden [www.karitraa.com](http://www.karitraa.com) og elles når ut til særleg yngre grupper og miljø, og som er med og formar framtida for nynorskbrukarane.

Prisen – 50 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad av Arne Nøst – blei overrekt av styreleiar Oddvar Haugland under opningshøgtida for Dei Nynorske Festspela 21.6.

Til no har desse fått prisen:

- 2000 Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård
- 2001 Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge
- 2002 Ringstabekk skole, Bærum
- 2003 Redaktør Martin Toft
- 2004 Musikkgruppa Side Brok
- 2005 Forfattar Kjartan Fløgstad

2006 Kari Traa

## 12.3 Politikk for nynorsk

Dei 20 riksdekkjande institusjonane, organisasjonane og bedriftene som er med i Nynorsk Forum, la 14.9.2006 fram sine felles vurderingar og ti prioriterte tiltak i dokumentet *Politikk for nynorsk*. Nynorsk kultursentrum leier arbeidet i dette forumet.

I dokumentet blir det streka under at arbeidet for nynorsk skriftkultur er prega av store udekte behov, ikkje for høge ambisjonar. Dette er første gongen eit samla nynorskmiljø leverer fellesinnspel til ei stortingsmelding og presenterer ei felles politisk plattform. Eit samla nynorskmiljø meiner desse ti nye reformtiltaka bør prioriterast dei komande åra:

1. Realisere planane for *Nynorsk digitalt leksikon*, som er det viktigaste nye nynorsktiltaket.
2. Bruke 25 % av midlane i Den kulturelle skulesekken til prosjekt som styrkjer den språklege og kulturelle sjølvtiliten til nynorskelevane.
3. Stille krav til bruk av begge målformer ved institusjonar som får meir enn 50 % av inntektene sine i form av driftstilskot frå staten, når dette ikkje strir mot føremålet for verksemda
4. Utvide verkeområdet for mållova slik at lova er tilpassa dei nye selskapsformene som tek meir og meir over i stat, fylke og kommunar
5. Gjennomføre ein stor haldningskampanje over fem år for å fremje dei positive verdiane ved den språkdelte norske kulturen.
6. Gi Dei Nynorske Festspela knutepunkt-funksjon som festival med særleg ansvar for kunst og kultur basert på dialekt og nynorsk.
7. Endre lov om universitet og høgskular slik at det skiljet som no er der mellom forskingsspråk og formidlingsspråk blir oppheva.
8. Premiere økonomisk bruk av norsk i grunnforskning, forskingsrapportar og forskingsdokumentasjon.
9. Fastsetje i konsesjonsvilkåra for alle norske tv-kanalar med tilbod for barn at

minst 25 % av barnefilmene anten skal vere dubba til dialektar frå heile landet eller nynorsk standardtale, eller tekstast på nynorsk.

10. Leggje fram ei stortingsmelding våren 2009 om ein offensiv for fagterminologi på norsk.

#### 12.4 Anna kulturpolitisk arbeid

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2005. Dette gav gjennombrot for prosjektet *Nynorsk digitalt leksikon*. Vi arbeidde også mykje med å få fram kor viktig det er at *statlege nettstader* bruker mykje meir nynorsk, og behovet for målretta tiltak for *elevar med nynorsk* som hovudmål i grunnskulen.

Som nemnt i Årsmelding og rekneskap 2005 oppnådde Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum i 2005 gjennombrot for planane for *Nynorsk digitalt leksikon*. Stortinget slutta seg til eit framlegg frå regjeringa Stoltenberg i statsbudsjettet om å løyve 1,5 millionar kroner i 2006. Alle partia utanom Framstegspartiet stod bak denne tydelege komitémerknaden:

”*Fleirtalet* i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, viser til framlegget i *St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006)* om ei løyving på 1,5 mill. kroner til oppstart av arbeidet med eit nynorsk digitalt leksikon på Internett. *Fleirtalet* har merka seg at nynorskelevar både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen treng oppdaterte kunnskapskjelder, og at det i dag ikkje finst noko oppdatert leksikontilbod på nynorsk. *Fleirtalet* meiner vidare at eit allment leksikon på nynorsk på Internett vil vere eit viktig bidrag til ei systematisk styrking av den nynorske skriftkulturen, slik stortingsfleirtalet slutta seg til ved handsaminga av *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*. *Fleirtalet* ser det som tenleg at eit nynorsk digitalt leksikon blir gratis for brukarane og er opptatt av at leksikonet får høg kvalitet og breidd på innhaldssida. *Fleirtalet* har merka seg prosjektsøknaden frå Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum, som legg vekt på å trekke vekslar på den samla fagkompetansen som fins i nynorskmiljø og nynorskinstitusjonar.

*Fleirtalet* meiner det er viktig at arbeidet med eit slikt leksikon kan begynne allereie i 2006.”

Det tok tid å avklare formalia kring prosjektet. Difor heiter det i *St.prp. nr. 25 (2006–2007) Om endring i bevilgninger under Kultur- og kirkedepartementets budsjett for 2006*:

#### Nynorsk-midler

I *St.prp. nr. 1 (2005–2006)* ble det under kap. 326, post 78 Ymse faste tiltak foreslått en bevilgning på 1,5 mill. kroner til et nynorsk digitalt leksikon. Det vises videre til merknad fra Familie- og kulturkomiteen i *Budsjett-innst. S. nr. 2 (2005–2006)* om ovennevnte. Midlene blir i 2006 disponert til å styrke produksjon av nye artikler om nynorsk kulturhistorie på Internett. Kultur- og kirkedepartementet vil følge opp saken vidare, jf. forslag under kap. 326, post 78 i vedlegg 2 til *St.prp. nr. 1 (2006–2007)* om å videreføre bevilgningen på samme nivå som i 2006.

Stortinget slutta seg til dette 19.12.2006.

Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum sette i romjula i gang arbeidet med å utforme ein prosjektplan for dette arbeidet. Planen for prosjektet *1001 tekstar* blei levert til KKD i februar 2007.

Nynorsk kultursentrum har i fleire år uroa seg over at få har vore opptekne av situasjonen for elevar med nynorsk som hovudmål. Dette arbeidet tok eit viktig steg vidare i 2006. På oppdrag frå kunnskapsministeren sette Utdanningsdirektoratet då i gang arbeidet med å utforme *Strategi for nynorsk i opplæringa*. Eit utkast blei levert til Kunnskapsdepartementet i februar 2007. Det er uvisst når det endelege dokumentet blir offentleggjort.

Best Western Hotell Bondeheimen sette i 2005 i gang ei større ombygging som skal styrkje den posisjonen dei har som kulturhotell. Kvart rom skal knytast til ein forfattar eller annan kulturperson. Dei gjorde avtale med oss om å stå for utval av personar, tekstar og illustrasjonar. Første fase av prosjektet blei avslutta i 2006, med opning av det nye hotellet i april 2006.

På begge møta sine i 2006 drøfta rådet språk- og publiseringspolitikken ved univer-

sitet og høgsular. Saka blei følgd opp med brev til Universitets- og høgsulerådet.

I det samla arbeidet vårt la vi også dette året stor vekt på at norsk museumspolitikk framleis treng ein del museum som har nasjonale funksjonar og løyser nasjonale oppgåver.

Både på dette feltet og meir allment markerer Nynorsk kultursentrum tydeleg at vi er ein sjølvstendig institusjon.

### 12.5 Stabil, men krevjande situasjon

Noreg har om lag 600 000 nynorskbrukarar. Blant desse er truleg fire av ti reelt tospråklege ved at dei bruker nynorsk og bokmål om lag like mykje. Mindre enn 5 % av dei er organiserte målfolk.

Dei bur over heile landet, og det går nynorskelevar i 40 % av alle kommunane i landet, men over 80 % av nynorskelevane i grunnskulen bur no på Vestlandet. Der ligg også meir enn 70 % av alle kyrkjelokn med nynorsk liturgi og kommunar med nynorsk tenestemål. Seks av ti nordmenn bur i nynorske eller språknøytrale kommunar.

Politisk røystar over halvparten av nynorskbrukarane på dei gamle sentrumspartia Venstre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet. Kvart år er om lag 1,4 mill menneske med på gudstenester med nynorsk liturgi; det er like mange som dei som går på fotballkampar i eliteserien.

Kvar tredje avis er redigert heilt eller delvis på nynorsk, og NRK har gjort nynorsk til eit vanleg språk i massemedia, men knapt kvar tiande bok som blir utgitt, er på nynorsk. I det nyaste mediet, Internett, er nynorsk alt like mykje brukt som i det gamle bokmediet. Dialektane blir brukt jamt meir både i radio, fjernsyn og i lydfestingar på cd-plater, og i alle dei år har lyrikk i form av dikt eller songar vore den mest brukte litterære sjangeren på nynorsk.

Dei som bruker nynorsk, er meir negative til den engelske påverknaden på norsk enn bokmålsbrukarane er. Den allmenne toleransen overfor nynorsk er mykje større no enn for førti år sidan. Den som bur i Noreg i dag, høyrer til den første generasjonen som i prinsippet møter språket nynorsk kvar dag. Å bruke nynorsk på innarbeidde område

fører sjeldan med seg store konflikhtar, men som før kjem reaksjonane når nynorskbrukarane vil inn på område der dei blir oppfatta som framande.

Det er også eit faktum at store grupper av særleg unge nynorskbrukarar er negative til sitt eige språk, at prosentdelen av nynorskelevar i grunnskulen ikkje har vore lågare sidan 1960-åra enn den var i 2005, og at ni av ti leiarar for statlege forvaltningsorgan ikkje gjer som Stortinget har føresett i sin språkpolitiske praksis.

### 12.6 Viktige tendensar

Nynorskbrukarane er spreidde over heile landet. Dei finst i alle fylka, truleg også i alle kommunar. Tre av ti nynorskbrukarar bur *ikkje* på Vestlandet, men det er på Vestlandet dei er mest konsentrerte og mange stader utgjør dominerande fleirtal.

Ungdom deler seg i dag i skarpare haldningar til målformene enn det vi finn hos mange vaksne. I 1996 var kvar fjerde elev i vidaregåande skule positiv til nynorsk. Det er også dei unge som helst skiftar språk. Truleg skiftar kvar tredje nynorskbrukar til bokmål før vedkomande er 20 år gammal.

Det finst bort imot 600 000 nynorskbrukarar i Noreg. Så mykje som 40 % av desse er truleg reelt tospråklege i den forstand at dei skiftar mellom å bruke nynorsk og bokmål. Talet på nynorskbrukarar har halde seg ganske stabilt det siste tiåret, jamvel med ein viss tendens til auke. Dei bur over heile landet, men Vestlandet aukar prosentdelen sin. Nynorskbrukarane er mykje meir negative til bruken av engelsk i Noreg enn bokmålsbrukarane er.

Over halvparten av nynorskbrukarane soknar til dei gamle sentrumspartia. Det er derimot eit ope spørsmål kor sterkt dette spørsmålet er som faktor for veljarane, og kva veljarpotensial det er for partia i språkpolitikk.

Språkleg og kulturell toleranse heng saman. Dei som er positive til nynorsk, er også meir positive til innvandrarar enn dei nynorsknegative er. Jo meir positive dei er til nynorsk, jo meir positive er dei også til innvandrarar. Det er vesentleg færre innvandrarar i dei nynorskdominerte delane av landet

enn i resten av landet. Det er dermed færre kontaktpunkt mellom nynorskbrukarar og innvandrarar enn mellom bokmålsbrukarar og innvandrarar.

I skulen er nynorsk som regel blitt røysta inn med klart fleirtal og ut att med knappe marginar. Ordninga med lokale folkerøystingar om oppæringsspråket i skulen er eit viktig element i det norske lokaldemokratiet. I tidsrommet 1965–2006 har det vore halde 352 folkerøystingar om opplæringsspråket i skulen. Ved desse folkerøystingane har 65 400 personar teke del. Den typiske folkerøystinga om skulemål har gitt eit svært jamt resultat. I vedtaks form har likevel resultatet vore oftare bokmål enn nynorsk.

	1995	2004
<b>ADMINISTRATIVE EININGAR</b>		
Kyrkjelokn med nynorsk liturgi	31	30
Kommunar med nynorsk tenestemål	26	27
Kommunar med nynorskelevar i grunnskulen	41	42
Elevar i grunnskulen med nynorsk opplæringsspråk	17	14
Vernepliktige som ønskjer nynorsk	10	9
Sjølvmeldingar på nynorsk	11	11
Bruk av nynorsk i skriftleg framstilling	12	14
Nynorskkrøyster ved skulemålsrøystingar	46	60
Innbyggjarar i kommunar med nynorsk tenestemål	12	12
Stortingsrepresentantar	19	16
<b>MASSEMEDIA</b>		
Nynorsk i NRK/Radio (med 50 % av dialektbruken)	19	23
Nynorsk i NRK/TV (med 50 % av dialektbruken)	15	22
Nynorskbøker i alt, titteltal	9	9
Det nye testamentet på nynorsk, selde eksemplar	15	17
Aviser redigerte på nynorsk eller begge målformer	33	32
Spor på nynorsk eller dialekt på plate og cd	31	30

Kjelde: *Nynorsk faktabok 2005*

Det går nynorskelevar i grunnskulen i fire av ti kommunar. På ti år har nynorskelevane i grunnskulen gått frå å utgjere 17 % av alle elevane til 14 % i 2006. Det er det største fallet i skulemålsprosent sidan tidleg på 1960-talet. Svært mange elevar går i eit språkdelt skulemiljø av nynorsk- og bok-

målslevar, eventuelt også andre opplæringsspråk.

Eit fleirtal av alle nordmenn har no hatt skriftleg undervisning i nynorsk. Berre nokre få prosent av elevane med nynorsk i grunnskulen tok seinare eksamen artium. Først med omlegginga til obligatorisk ungdomsskule og ny vidaregåande skule i 1970-åra blir nynorsk ei sak for alle unge i Noreg.

Kyrkja er den samfunnsinstitusjonen som har den klaraste språkpolitiske praksis. Nynorsken står relativt sterkare enn i kyrkja enn i andre delar av samfunnet til same tid. Kvart år er om lag 1,4 millionar menneske med på gudstenester med nynorsk liturgi. Eit av tre sokn har nynorsk liturgi. Like viktig kan det ha vore at nynorsken blei sunge inn i kyrkja, frå og med Blix-salmane i 1880-åra til Edvard Hoems nyaste.

Seks av ti nordmenn bur i nynorske eller språknøytrale kommunar. Talet på nynorsk-kommunar er stabilt, men det blir fleire nøytrale kommunar og færre bokmålskommunar. Nynorsk-kommunane ser ut til å ekspandere meir enn andre kommunar.

Statsforvaltninga gjer ikkje som Stortinget har føresett om målbruk i offentleg teneste. Jamt meir av kontakten mellom innbyggjarane og statsforvaltninga går via Internett, men berre på tolv av 173 nettstader i statleg regi var minst om lag 25 % av dokumenta på nynorsk i 2005. Generelt er det berre fire av departementa som over tid oppfyller dei krava som gjeld for målbruk i offentleg teneste.

Innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur er språkpolitisk blind, og har over tid først og fremst resultert i meir lyrikk og fleire barnebøker på bokmål. Likevel har ordninga vore viktig for ny nynorsk skjønnlitteratur. Språkpolitisk har pressestøtta vore den viktigaste støtteordninga for nynorsk skriftkultur, både rekna i kroner og i spreing gjennom store opplag.

Aldri før har så mange tekstar på nynorsk vore lettare tilgjengelege enn no. Våren 2005 fanst det minst 1,5 millionar dokument på nynorsk på Internett. Nynorsk blir også meir brukt på Internett – trass i, ikkje på grunn av departement og offentleg forvaltning. No er nynorsk snart like mykje brukt i det nyaste

massemediet Internett som i eitt av dei eldste media, boka.

Dialektane har teke over meir av sendetida i radio og fjernsyn dei siste par tiåra. Det er her dialektaksjonane frå 1970-åra kanskje har sett dei djupaste spora. Den posisjonen nynorsk hadde fått som nyheitsspråk i NRK, rydda veg for liknande redaksjonell profil i både TV2 og TV Norge – trass i utsegner frå riksaviser om at nynorsk høver dårleg som tabloid nyheitsspråk. Men NRK har no vesentleg færre nynorskbrukande medarbeidarar enn på slutten av 1980-talet.

Kvar tredje norske avis er redigert heilt eller delvis på nynorsk. I tillegg kjem ei rekke aviser som bruker begge målformer i eige stoff, med *Bergens Tidende* som den fremste. *VG* er den største riksavisa i alle nynorsk-kommunane, så stor at avisa nokre stader jamvel bikkar 30 % husstandsdekning.

Nynorsk bokutgiving ligg stabilt kring 8 % av alle norske bøker. Tre av fire nynorsk-bøker kjem frå utgivarar som ikkje er med i Den norske Forleggerforening. Med jamt over 25 % av diktbøkene på nynorsk over lang tid er lyrikken det litterære tyngdepunktet i nynorsk bokheim, rekna i tal.

Der er nynorsk i alle lommebøker, og dialekt er meir brukt i cd-mediet enn i radio og tv. Mellom 1987 og 2004 kom det ut om lag 7500 plater, kassettar og cd-ar i Noreg. Over 30 % av spora på desse var på nynorsk eller dialekt. Dei nynorske teaterscenene har til no hatt godt over åtte millionar gjester. Blant nye forfattarar er framleis dikt og songar den vanlegaste sjangeren i debutbøkene.

Om lag 95 % av nynorskbrukarane er ikkje organiserte målfolk. Begge dei to store norskdomsorganisasjonane, Noregs Mållag (NM) og Noregs Ungdomslag (NU), hadde høvesvis 38 % og 49 % færre medlemmer i 2006 enn i 1980, men det ser ut til at dei har greidd å etablere seg på eit nivå der NM har om lag 10 000 medlemmer og NU kring 16 000 medlemmer. Medlemsorganisasjonane har til dels ulike regionale profilar.

## 12.7 Omfordeling av språkleg makt

I 2007 legg regjeringa Stoltenberg fram ei stortingsmelding om språk. Nynorsk kultursentrum ser fram til dette og legg for sin del

til grunn at det er nødvendig å omfordele språkleg makt i Noreg. Ein strategi for dette bør mellom anna byggje på følgjande 13 punkt:

### 1. Rett til å delta

Ein ny språkpolitikk må sikre språkleg og kulturelt mangfald saman med dei best mogeleg vilkåra for demokrati og deltaking for alle innbyggjarar. Her har staten eit særskilt ansvar for å utvikle og forvalte verkemiddel som kan sikre dei språklege rettane til innbyggjarane og fremje bruken av dei språka staten har ansvar for.

Sett ut frå enkeltpersonar rett til demokratisk deltaking er det viktig at

- alle får høve til å lære å snakke og skrive morsmålet sitt så godt at dei kan delta som fullverdige medlemmer i den språkgruppa dei høyrer til,
- alle får lære å skrive og snakke flytande norsk godt nok til å delta på like vilkår i samfunnet både når det gjeld utdanning, arbeid, politikk og kultur, og
- alle lærer seg så godt engelsk og eventuelt andre framande språk at dei kan delta i det globaliserte samfunnet.

Sentrale element i arbeidet for å minske sosial ulikskap og fremje demokrati er retten til å forstå og plikta til å leggje til rette for å bli forstått. Arbeidet for universell utforming skal gjere det mogleg for flest mogleg å delta i samfunnslivet utan å måtte be om hjelp. Dette gjeld også språkleg tilrettelegging av offentleg informasjon, bruksretteleiarar, og anna skriftleg og munnleg framstilling som får konsekvensar for samfunnsdeltakinga.

### 2. Språkleg berekraft

Grunnlaget for ein ny språkpolitikk er at norsk språk har språkleg berekraft også i framtida. Den språklege berekrafta er summen av den status språket har, kor mange samfunnsdomene språket dominerer og kor aktiv språkkrøkt som blir drive. For utvikling av norsk språk er det ein nødvendig føresetnad at både bokmål og nynorsk blir utvikla vidare og får størst mogleg språkleg berekraft. Å styrkje bruken av nynorsk inneber altså ikkje at bokmål skal brukast mindre, men vil heller vitalisere bruken av bokmål.

Det svekkjer ikkje berre den nynorske skriftkulturen at mange nynorskbrukarar har ei dårleg språkleg-kulturell sjølvkjensle. Det får i neste omgang følgjer for deira oppfatning av det fellesnorske. Norsk språk står samla svakare mot engelsk dominans fordi den nynorske sjølvilliten er for svak. Styrken i den språkdelte norske felleskulturen er avhengig av lojalitet frå det fleirtalet bokmålsbrukarane utgjer.

For at norsk skal ha den nødvendige språklege berekrafta, må begge målformene og dermed den samla språkdelte norske kulturen bli ein kulturell allmenning, eit fellesei-ge. Utan at variasjonane i norsk blir opplevde og aksepterte som eit felles eige, vil det vere vanskeleg å syte for at begge målformene har eit minimum av språkleg makt. Nynorsken høyrer altså ikkje berre nynorskbrukarane til, og bokmålet er heller ikkje berre bokmålsbrukarane si sak. Denne språkdelte norske kulturen må også bli opna for dei nye innvandarmiljøa.

Reell valfridom, mangfald og jamstelling bør vere berebjelkane i offentleg språkpolitikk. Dei politiske tiltaka må ta omsyn til at språkbrukarane er ulike, men likeverdige. Nynorskbrukarane må difor få dei same sjansane som andre i Noreg til å bruke sitt språk og styrkje sine språk- og kulturtradisjonar.

### *3. Ein reell tospråkspolitikk i eit kulturelt mangfald*

I dag må nynorsk og bokmål oppfattast som integrerte delar i ein språkdelte nasjonal felleskultur, og som uttrykk for eit kulturelt mangfald som det ville vere eit stort tap for Noreg som kulturnasjon å gi avkall på. Skal eit språk haldast i hevd, må det brukast. Det gjeld også for nynorsk. Både praktisk og økonomisk må det leggjast til rette for at nynorsk kan tryggje og styrkje posisjonen sin, som eit levande bruksspråk så vel som eit likeverdig offisielt skriftspråk ved sida av bokmål.

Grunnlaget for ein demokratisk språkpolitikk i Noreg bør difor vere ei erkjenning av at Noreg er eit fleirkulturelt og mange-språkleg samfunn der dei to norske målformene nynorsk og bokmål utgjer det felles-

språket som alle norske statsborgarar må kunne godt og som innbyggjarar skal kunne bruke i alle samanhengar.

### *4. Prinsippet nynorsk*

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og nynorskbrukarane sine behov bli dekte. Det normale vil då vere at nynorsken blir rekna med. Det er dette vi har kalla prinsippet nynorsk.

I Noreg har nynorsk vore ein nødvendig føresetnad for at mange nok skal bry seg om den språklege sida av livet. Det gjer prinsippet nynorsk til ein nødvendig føresetnad i moderne kulturpolitikk. I den ganske allmenne forståinga av innhaldet i den språklege delen av norsk kulturarv ligg det no ei erkjenning av at målforma nynorsk har påverka språket dansk og målforma bokmål positivt.

### *5. Aktiv lovgiving*

Dei svært skeive fordelinga av uformell språkleg makt må endrast og regulert gjennom ei aktiv lovgiving på dei områda der lover og reglar er føremålstenlege verkemiddel. Verkeområdet for mållova må utvidast, staten må bruke meir ressursar til oppfølging av lova, og nye verkemiddel må vurderast. Opplæringslova og andre lover som gjeld for undervisning og forskning må vurderast i lys av behovet for tydelege reglar og funksjonelle ordningar som styrkjer dei språklege rettane til elevane og fremjar bruken av norsk, nynorsk og bokmål.

### *6. Målbretta støtteordningar*

Di sterkare redigert offentlegheita blir og di større mediemakta over kvardagen blir, di viktigare er det at det språklege dominansforholdet i det norske mediesamfunnet blir endra. Ein ny språkpolitikk må ta med seg vidare dei velprøvde verkemidla som pressestøtta og sterke allmenningkastarar representerer. Det trengst økonomiske støttetiltak til språkprodusentar som er med og fremjar mindre brukte språk i ulike samanhengar, særleg på Internett. Dette inkluderer støtte

til parallellutvikling av syntetisk tale på nynorsk og bokmål.

### *7. Lokale folkerøystingar*

Lokale folkerøystingar er blitt ein viktig del av det norske demokratiet. Ein ny språkpolitikk vil føre vidare denne verdfulle tradisjonen og framheve dei samfunnsverdiane denne representerer. Det bør jamleg vurderast om modellen bør utvidast til nye felt.

### *8. Minoritetar og mindretal*

Ved inngangen til 2006 blei nær 400 000 innbyggjarar i Noreg rekna til innvandrarbefolkninga. Det er denne delen av befolkninga som veks raskast. Når talet på personlege nynorskbrukarar er kring 600 000, inneber det at styrkeforholdet mellom dei som bruker det mindre brukte språket nynorsk, og dei som høyrer til etniske minoritetar og innvandrarbefolkninga, endrar seg.

Møtet mellom norsk identitet og kulturarv og det nye kulturelle mangfaldet er ein svært verdfull del av den norske kvardagen. Den nye språkpolitikken må sikre gjensidig respekt mellom desse kulturtradisjonane.

### *9. Frå andrespråk til førstespråk*

Samstundes som vi held oppe og styrkjer det kulturelle mangfaldet i Noreg, må ein ny språkpolitikk innebere at dei som i dag har norsk som andrespråk, blir gode språkbrukarar med norsk som førstespråk. I eit lite språksamfunn som det norske er det nødvendig at flest mogleg innbyggjarar meistrar best mogleg det dominerande språket i dette samfunnet. Difor må innvandrarar få lære norsk og lære det godt.

### *10. Norsk når du kan, engelsk når du må*

Skal eit språk haldast i hevd, må det brukast. Dei fleste lærer openbert best på sitt eige morsmål. Ein uttrykkjer seg som regel best på sitt eige språk; anten ein er forskar, næringsdrivande eller utøver andre yrke. Å vere tenkjande presist på sitt eige morsmål er ein nødvendig føresetnad for å bli god i andre fagspråk. I den nye språkpolitikken høyrer det med å endre finansieringssystemet for forskning då dette også styrer språkbruken i praksis.

Så langt denne delen av språkutviklinga kan styrast frå folkevalde organ, må ein ny språkpolitikk leggje til grunn at innbyggjarar i Noreg bruker norsk når dei kan og engelsk berre når dei må. Difor er det positivt at fleire universitet og høgskular no har utforma ein eigen språkpolitikk der ein legg til grunn at universitet og høgskular har ansvar for at norsk fagspråk blir utvikla og brukt i alle vitskaplege fag.

Stilt overfor den engelske utfordringa blir det altså viktig å utnytte den samla språkstyrken til nynorsk og bokmål. Det oppstår ein språkleg dynamikk når terminologi skal utviklast på både nynorsk og bokmål. Denne dynamikken er ein kulturell konkurransefordel for norsk i møtet med det store globaliseringspråket.

### *11. Språklege rollemodellar innanfor populærkulturen*

Elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen treng språklege førebilete i tekstar dei møter til dagleg. I den tekstkulturen ungdom elles er ein del av, er nynorsk skrift så godt som usynleg. Dette gjer det vanskelegare å vere nynorskbrukar. Internett er ei av dei språklege hovudscenene for barn og unge, og både her og i populærkulturen trengst slike førebilete.

For eit mindre brukt språk som nynorsk er det viktig at dette språket er tett på ungdommens kvardag og situasjonar. Det vil seie at domenet populærkulturen må bli meir prega av nynorsk. På kort sikt kan det innebere mindre bruk av bokmål i desse samanhengane. Meir sannsynleg er det at meir nynorsk fører til meir bokmål, ved at fleire bokmålsbrukarane heller vil bruke bokmål enn engelsk.

### *12. Jamsføring med andre land*

Det typiske ved den norske språksituasjonen er at innbyggjarane bruker mange skriftspråk, og at Noreg som andre land dermed er eit fleispråkleg samfunn. Det særmerkte ved den norske språksituasjonen er den språkdelte norske felleskulturen. Dei norske røynselene har stor interesse i andre land. På same måten er det viktig at norske styresmakter følgjer godt med i det arbeidet andre

land driv for å heve status og forbetre rammevilkåra for det mest brukte språket i høve til engelsk, mindre brukte språk i høve til det mest brukte språket i landet, og for dei mange minoritetsspråka. Ein internasjonal rapport vil difor bli teken med i dei meldingane om mållovsarbeidet som regjeringa legg fram frå no av, neste gong i stortingssesjonen 2009/10.

### *13. Offentlege informasjons- og haldningskampanjar*

Ein ny språkpolitikk som blant anna prøver å omfordele språkleg makt må vere synleg i det offentlege rommet. Verken staten eller andre delar av offentleg forvaltning har gjennomført større informasjons- og haldningskampanjar som gjeld språk og språkbruk. Det språklege og kulturelle mangfaldet i Noreg må ha brei plass i både grunn- og vidaregåande opplæring. Effekten av dette blir større viss det offentlege følgjer opp med tydeleg, avgrensa og målretta haldningskampanjar. Lovverk og økonomiske midlar er dei mest effektive verkemidla for å endre språklege maktforhold, men informasjon og haldningskampanjar vil stø opp under slike tiltak og gjere dei meir effektive. Samstundes kjem ein til kort med haldningsskapande arbeid som ikkje blir følgt opp av økonomiske prioriteringar og formelle reglar.

### **12.8 Perspektiv 2013**

Etter at Stortinget i 2004 drøfta *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014* står eit breitt politisk fleirtal bak ein politikk som følgjer dette tiårsperspektivet i stortingsmeldinga:

”I 2013 er det 200 år sidan Ivar A[asen] vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar.”

Nynorsk kultursentrum har dei siste åra uroa seg over dei mange sakene som passerer gjennom departement og regjering utan at dei språkpolitiske perspektiva blir fanga opp. Av omsyn til norsk kultur allment, og nynorskbrukarane spesielt, kan det ikkje halde fram slik.

Eit typisk trekk for nynorsk skriftkultur er at der er mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, men at det alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og positiv diskriminering.

Kulturmeldinga må følgjast opp med reie pengar gjennom dei årlege løyvingane over statsbudsjettet. Så langt har dette vist lite att. Ei systematisk tiårssatsing krev dessutan større tiltak enn dei som kan realiserast gjennom årlege løyvingar.

Nynorsk kultursentrum arbeidde også i 2006 med ei rekkje saker under fellesnemneren ”Perspektiv 2013”. Dette arbeidet held fram kvart år frametter. I 2007 blir éi av fleire oppgåver å gi Mangfaldåret 2008 eit breiare innhald enn den tradisjonelle forståinga av kulturelt mangfald legg til grunn.